

Kristian Djuve

## 50 år med homofili i lærebøker

Ein gjennomgang av omtalen av skeiv seksualitet i naturfagslærebøker på ungdomsskolen frå Mønsterplan 1974 til Fagfornyelsen 2020

Masteroppgåve i Lektorutdanning i historie for trinn 8 – 13

Rettleiar: Espen Storli

Mai 2022



Kristian Djuve

## **50 år med homofili i lærebøker**

Ein gjennomgang av omtalen av skeiv seksualitet i naturfagslærebøker på ungdomsskolen frå Mønsterplan 1974 til Fagfornyelsen 2020

Masteroppgåve i Lektorutdanning i historie for trinn 8 – 13  
Rettleiar: Espen Storli  
Mai 2022

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet  
Det humanistiske fakultet  
Institutt for moderne samfunnshistorie



Kunnskap for en bedre verden



## Samandrag

50 år er gått sidan homofili vart lovleg i Noreg. Sidan den tida har homofiles rettigheter og status i samfunnet auka. Til tross for dette finnes det framleis negative haldningar til skeiv seksualitet rundt omkring i landet. Skulen er ein stad haldningane til folk kan påvirkes anten gjennom undervisning frå lærar eller gjennom innhaldet i lærebøkene. Tidlegare forskning viser lærebøker er prega av eit heteronormativt syn på seksualitet og forhold. Dette kan vera ein faktor som bidrar til negative haldningar til skeiv seksualitet.

Det denne oppgåva har hatt som formål er å kartlegge utviklinga i omtalen av skeiv seksualitet i naturfagsbøker på ungdomsskulen sidan homofili vart lovleg i 1972, samt sjå på om heteronormativitet har prega framstillinga av seksualitet. 26 naturfagsbøker fordelt på dei fem læreplanane som har vore aktive i perioden, samt to naturfagsbøker frå før homofili vart lovleg er inkludert i studien.

Oppgåva viser at omtalen av skeiv seksualitet har auka i kvar læreplanperiode og er vesentleg større i dei nyaste lærebøkene enn i bøkene frå 1970-talet. Den verkelege auka kom dog ikkje før i forbindelse med læreplanen Reform 1997 – den første læreplanen som nevner seksuell kjønnsidentitet og homofili på lik linje med heterofili. Oppgåva viser dog at mykje av den auka omtalen tar for seg historiske og samfunnsfaglege aspekt og ikkje naturfaglege aspekt. Omtalen av skeiv seksualitet står også i stor grad skilt ut frå anna omtale av seksualitet i så vel dei gamle som dei nye bøkene, noko som skapar ein følelse av at dette er annerledes av normalen. Dei delane av naturfagsbøkene som tar for seg seksualitet fokuserer i stor grad på at dette er noko som omhandlar mann og kvinne og ikkje andre kjønnskonstellasjonar – også dette gjeld dei gamle så vel som dei nyare bøkene, sjølv om dei nye bøkene har meir generelle omtalar som også kan tolkast i retning av mann/mann- og kvinne/kvinne-forhold.

Sjølv om omtalen av skeiv seksualitet i naturfagsbøker på ungdomsskulen har auka sidan 1972, og omtalen av seksualitet har blitt meir nøytral, er det framleis eit godt stykke å gå før homofili kan sidestilles med heterofili i skulebøkene med tanke på å framstille det som normalt.

## Abstract

50 years have gone since homosexuality became legal in Norway. Since then gay rights and their status in society has increased. Despite this there are still some negative attitudes to queer sexuality around the country. The school is a place where peoples attitude can be affected, either through teaching from the teacher or through the content of the school books. Previous research shows that school books are characterized by a heteronormative view on sexuality and relations. This can be a factor that contributes to negative attitudes toward queer sexuality.

The purpose of this thesis has been to map the development in the mention of queer sexuality in science textbooks in upper secondary school since homosexuality went legal in 1972, and to look at whether heteronormativity has characterized the presentation of sexuality. 26 science textbooks from the five curricula that have been active during the period, as well as two science textbooks from before homosexuality went legal are included in the study.

The thesis shows that the mention of queer sexuality has increased in each curriculum period and is significantly greater in the newest textbooks than in the books from the 1970s. However, the real increase did not occur until the Reform 1997 curriculum - the first curriculum that mentions sexual gender identity and homosexuality in the same phrase as heterosexuality. However, the thesis shows that much of the increased coverage deals with historical and social science aspects and not natural science aspects. The mention of queer sexuality is also largely separated from other mentions of sexuality in both the old and the new books, something that creates a feeling that this is different from the normal. The parts of the science books that deal with sexuality focus to a large extent on the fact that this is something that deals with men and women and not other gender constellations - this also applies to the old as well as the newer books, although the new books have more general references such as can also be interpreted in the direction of man/man and woman/woman relationships.

Although the mention of queer sexuality in science textbooks in upper secondary school has increased since 1972, and the mention of sexuality has become more neutral, there is still a long way to go before homosexuality can be equated with heterosexuality in school books in order to present it as normal.

## Forord

Arbeidet med denne oppgåva har gitt meg ny og viktig innsikt i ein tematikk som får alt for lite oppmerksomhet i skulen og samfunnet forøvrig. Normalisering av minoritetar er aldri feil og er noko eg vil ta med meg frå arbeidet med denne oppgåva og inn i arbeidslivet som lærar.

Eg ynskjer å retta ein stor takk til min vegleiar Espen Storli. Presise tilbakemeldingar og positive og motiverande ord har hjelpe godt i arbeidet med oppgåva.

Eg vil også retta ein stor takk til min formidable flue Rebekka for god støtte og tilbakemelding på oppgåva mi undervegs, og til mine vedunderlege studievenner som har gjort studietida til ei nydeleg reise.

Elles vil eg retta ein stor takk til alle skeive forbilder. De betyr truleg meir for folk enn tusen ord i ei lærebok.

## Innhald

<b>1.0 Innleiing og problemstilling</b>	1
1.1 Tidlegare forskning og teori	3
1.1.1 Omtale av skeiv seksualitet i lærebøker	3
1.1.2 Heteroprivilegier i klasserommet	5
1.1.3 Skeiv teori	7
1.1.4 Lærebøkernes rolle i skulen	8
1.2 Metode	11
1.2.1 Avgrensing av oppgåva	11
1.2.2 Utvalg av kjeldemateriale	12
1.2.3 Kjeldematerialets forlag og forfattarar	13
1.3 Oppgåvas vidare struktur	15
<b>2.0 Læreplanane og norsk skeiv historie</b>	16
2.1 Konstruksjonen av læreplanar	16
2.2 Mønsterplan 1974 – M74	18
2.3 Mønsterplan 1987 – M87	19
2.4 Reform 1997 – L97	20
2.5 Kunnskapsløftet 2006 – LK06	22
2.6 Fagfornyelsen 2020 – LK20	23
2.7 Skeiv historie	25
<b>3.0 Sentrale punkt i lærebøkene</b>	29
3.1 Sentrale punkt i lærebøkene gjeldande før Mønsterplan 1974	29
3.2 Sentrale punkt i lærebøkene gjeldande under M74	30
3.3 Sentrale punkt i lærebøkene gjeldande under M87	33
3.4 Sentrale punkt i lærebøkene gjeldande under L97	36
3.5 Sentrale punkt i lærebøkene gjeldande under LK06	40
3.6 Sentrale punkt i lærebøkene gjeldande frå LK20	43
<b>4.0 Korleis har skeiv seksualitet blitt framstilt i naturfagslærebøker på ungdomsskulen sidan homofili vart lovleg i 1972?</b>	45
A) Kor mykje blir skeiv seksualitet omtalt i naturfagslærebøkene på ungdomsskulen?	45
B) Kva blir vektlagt i omtalen av skeiv seksualitet?	49
C) Korleis blir seksualitet generelt omtalt i naturfagslærebøkene på ungdomsskulen?	54
<b>5.0 Konklusjon og vidare forskning</b>	57
Litteraturliste	58
Publiserte kjelder	61
Kjeldemateriale (Lærebøker)	64





## 1.0 Innleiing og problemstilling

21. april 1972 vart §213 fjerna frå norsk straffelov. Paragrafen, som vel og merka hadde vore sovande ei stund, hadde kriminalisert seksuelle handlingar mellom menn, og likestilt det med seksuell omgang med dyr, sidan den vart endeleg formulert og vedtatt i 1905.<sup>1</sup> Haldninga til homofili og homofiles rettigheter i samfunnet har endra seg betraktelig frå den gong. I 1993 kom partnerskapslova som ga homofile rett til å inngå ekteskapsliknande forhold, og i 2009 fekk homofile endeleg rett til å inngå ekteskap, og dermed fulle rettigheter til adopsjon og assistert befruktning. Til tross for ei betring i både rettigheter og haldningar, viser ei undersøking frå 2017 at det framleis finnes negative haldningar til homofile menn, bifile og lesbiske kvinner. Undersøkinga viser at 7,8 prosent er negative til homofile menn, 8,8 prosent er negative til bifile og 4,1 prosent er negative til lesbiske. Undersøkinga viser også at 20 prosent har negative haldningar til sex mellom to menn.<sup>2</sup>

Ein av stadane haldninga til kvar enkelt kan bli påverka er på skulen, og undervisning, eller manglande undervisning, om ulike emner kan i så måte ha stor innflytelse. Ein av dei største maktfaktorane i skulen er lærebøkene. Professorane Norunn Askeland, Eva Maagerø og Bente Aamotsbakken meiner at lærebøkene kanskje er dei bøkene barn og unge bruker mest tid på av alle bøker, og professor Bengt-Ove Andreassen meiner at lærebøkene i stor grad påverkar undervisninga i skulen og dermed legg grunnlaget for kva elevane lærer.<sup>3</sup> Undervisning om skeiv seksualitet skal foregå i seksualitetsundervisninga i skulen – ei type undervisning som er for dårleg og for lite omfangsfull, ifølge ein fersk rapport gjennomført av Sex og samfunn, Noregs største senter for seksuell og reproduktiv helse og rettigheter, i 2021. 1140 elevar i den norske skulen spreidd over heile landet i alderen 16-17 år svarte på spørsmål knytta til seksualundervisninga i skulen. Sju av ti spurte i undersøkinga ynskja meir seksualitetsundervisning og 47 prosent syntes ikkje at kvaliteten på undervisninga var god.<sup>4</sup> Undersøkinga viser også at den aller største andelen seksualitetsundervisning foregår i løpet

---

<sup>1</sup> Tveter, L. (2019, 17. april). *Retts og seksuell orientering – et tilbakeblikk*. Lovdata. [https://lovdata.no/artikkel/rett\\_og\\_seksuell\\_orientering\\_et\\_tilbakeblikk/2408](https://lovdata.no/artikkel/rett_og_seksuell_orientering_et_tilbakeblikk/2408).

<sup>2</sup> Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2021, 30. november). *Holdninger til lhbtq-personer*. Bufdir. [https://www.bufdir.no/Statistikk\\_og\\_analyse/lhbtq/Holdninger/](https://www.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/lhbtq/Holdninger/).

<sup>3</sup> Askeland, N. Maagerø, E., & Aamotsbakken (2013). *Læreboka. Studier i ulike læreboktekster*. Akademika Forlag: 11 & Andreassen, B-O. (2014). Introduction: Theoretical perspectives on textbooks/textbooks in religious studies research. I B-O. Andreassen & J. R. Lewis (Red.), *Textbook Gods – Genre, Text and Teaching Religious Studies* (1–14) Equinox Publishing Ltd.: 1-14.

<sup>4</sup> Sex og samfunn. (2022). *Seksualitetsundervisning i skolen. En kartlegging av elevers og læreres erfaringer og ønsker* <https://sexogsamfunn.no/wp-content/uploads/2022/02/Rapport-seksualitetsundervisning-i-skolen.pdf>: 4-5.

av ungdomsskolen – heile 83 prosent oppga at dei hadde fått denne type undervisning i løpet av dei tre åra.<sup>5</sup> Av tematikkar som vart tatt opp i seksualitetsundervisninga tronar «prevensjon» og «seksuelt overførbare infeksjonar» øverst på hyppighet med ganske klar margin – 79 og 75 prosent av dei spurte hadde hatt undervisning i dette. Tematikken som var sjeldnast undervist om var «seksuell identitet», kor berre ein tredjedel av dei spurte svarte at dei hadde hatt undervisning i.<sup>6</sup> 51 prosent av dei spurte svarte at dette var ein tematikk dei ynskja meir undervisning i – noko som resulterte i at dette var den tematikken nest flest ynskja meir undervisning i.<sup>7</sup> Med andre ord blir seksuell identitet og skeiv seksualitet undervist minst i, men er nest mest ynskja å få meir undervisning i. Manglande omtale i lærebøkene kan vera ein av fleire faktorar som gir manglande undervisning i tematikken, gitt den innflytelsen lærebøkene har.

Ei undersøking gjennomført av Anneli Rønnes, Sara Rydland Nærum og Roar Hind for Sex og samfunn i 2017 viser at 85 prosent av dei spurte elevane på ungdomsskolen rapporterte at dei har fått seksualundervisning i naturfaget.<sup>8</sup> Dette er også det faget, i lag med KRLE, som omtalar seksualitet i kompetansemåla etter 10. trinn i den nye læreplanen Fagfornyelsen 2020. Det vil difor vera naturleg å sjå på korleis seksualitet, og meir spesifikt skeiv seksualitet, blir omtalt i naturfagslærebøkene på ungdomsskolen. Ikkje berre er det av interesse å sjå på korleis det blir omtalt i dagens aktive lærebøker, men det vil også vera nyttig å kartlegge korleis det har blitt omtalt i tidlegare lærebøker. Homofile har gått frå å vera kriminelle i 1972 til å ha mulighet for å gifte seg i 2009 – korleis har så omtalen av homofile utvikla seg i lærebøkene i denne perioden? Følgjer omtalen i lærebøkene dei auka rettighetane vil utviklinga i lærebøkene vera eksplosiv. Viktige milepælar i kampen for auka rettigheter vil vera sentrale, då desse kanskje vil markera endring i lærebøkene omtale og fokus.

Problemstillinga blir som følger:

«Korleis har skeiv seksualitet blitt framstilt i naturfagslærebøker på ungdomsskolen sidan homofili vart lovleg i 1972?»

---

<sup>5</sup> Sex og samfunn 2022: 5.

<sup>6</sup> Sex og samfunn 2022: 5.

<sup>7</sup> Sex og samfunn 2022: 6.

<sup>8</sup> Sex og samfunn. (2017). *Seksualitetsundervisning i skolen. En kartlegging blant elever i 10. klasstrinn og 1 VGS*. <https://sexogsamfunn.no/wp-content/uploads/2019/05/Rapport-180817.pdf>: 41.

For å svare på denne hovudproblemstillinga vil oppgåva sjå på tre ulike faktorar.

A) kor mykje skeiv seksualitet blir omtalt i naturfagslærebøkene på ungdomsskulen,

B) kva som blir vektlagt i omtalen av skeiv seksualitet,

C) korleis blir seksualitet generelt omtalt i naturfagslærebøkene på ungdomsskulen.

## 1.1 Tidlegare forskning og teori

Før oppgåva beveger seg inn på tidlegare forskning og teori må begrepet heteronormativitet bli redegjort for, då det vil bli nytta gjentakande gongar i desse delkapitla, før det blir gått meir i dybden på det i kapittel 1.1.3. Bryt ein begrepet opp i to får ein hetero og norm – altså at det å vera hetero er det normale, det forventa. Samfunnet tar utgangspunkt i at ein person er hetero, har heterofilt samleie, utviklar heterofile følelsar og lev i eit heterofilt forhold. Dersom ein person skiljer seg ut frå dette, til dømes gjennom å vera homofil, blir vedkommande sett på som annerledes.

### 1.1.1 Omtale av skeiv seksualitet i lærebøker

Det finnes fleire artiklar, masteroppgåver og bacheloroppgåver som tar for seg omtale av seksualitet i lærebøker, og nokre av dei går meir spesifikt inn på skeiv seksualitet. Det dei alle dog har til felles er at dei berre dekker bøker frå éin læreplan. Ingen av dei ser på utviklingstrekk gjennom historia, slik denne oppgåva har som mål. Bacheloroppgåva til Anna Gjesdal og Vilde Holm Raggan samt Miriam Torillsdatter Harbo si kartlegg presentasjonen av seksuell orientering i samfunnsfagsbøker frå Kunnskapsløftet 2006 på mellomtrinnet. Begge oppgåvene konkluderer med at bøkene dei har analysert er prega av ei heteronormativ framstilling. Der kor kjærleiksforhold og familieliv blir omtalt er det heterofili som er normalen og omtale av homofili eller andre samlivsformar blir plassert for seg, og på den måten annerledelsesgjort.<sup>9</sup> Yvonne Jasmine Demirel har undersøkt korleis «det skeive» blir tematisert i norsklærebøker for vidaregåande skule under Kunnskapsløftet 2006. Ho konkluderer med at skeiv tematikk er representert, men at framstillinga er prega av heteronormativitet. Dette kjem fram blant anna gjennom «hvordan styring av tekster leder

---

<sup>9</sup> Gjesdal, A. & Raggan, V.H. (2019). *Framstillingen av seksuelle orienteringer i lærebøker*. [Bacheloroppgave]. Høgskulen på Vestlandet: 27-28 & Harbo, M.T. (2019). *Fremstilling av seksuell orientering i samfunnsfag – en lærebokanalyse*. [Bacheloroppgave]. Høgskulen på Vestlandet: 25.

leseren mot heterofile konstellasjoner», i korleis «skeive liv og skeiv tematikk er utelatt» og til sist gjennom «uttalt homonegativitet både i multikulturelle tekster, og i forbifarten».<sup>10</sup>

Thea Frøyen Sander går i si masteroppgåve inn på korleis seksualitet er omtala i lærebøker i religionsfaget på ungdomsskulen, medan professor Åse Røthing i 2017 har kartlagt korleis seksuell orientering vert omtala i naturfagsbøker på ungdomsskulen. Begge tar utgangspunkt i bøker henta frå Kunnskapsløftet 2006. Dei konkluderer med at heteronormativitet preger framstillinga av seksualitet i både religionsbøkene og i naturfagsbøkene.<sup>11</sup> Røthing meiner at lærebokforfattarane kan argumentere for at dei har fulgt læreplanens bestilling – alle har inkludert omtale av ulike seksuelle orienteringar – men ho skriv også at det heile er gjort på ein heteronormativ måte.<sup>12</sup> Vidare problematiserer Røthing det at omtale av skeiv seksualitet står for seg i egne avsnitt, og ikkje står dynamisk i resten av teksten. Ho trekk blant anna fram at omtalen av kondombruk mellom mann og kvinne også kunne inkludert omtale av kondombruk mellom mann og mann, som eit eksempel.<sup>13</sup> Også i resultata til Sander blir «seksuelle minoritetar» omtalt for seg, og «heterofili blir den underliggende normen for både samliv, ekteskap, seksuell atferd og i samfunnet generelt».<sup>14</sup> Homofili blir i bøkene Sander har analysert innlemma i oppgåver knytta til diskusjon, og blir då noko elevane skal meine noko om – heterofili blir ikkje i same grad sett i denne posisjonen og elevane treng i så måte ikkje å meine noko om det. Dette bidrar også til ei annerledelsesgjering av homofili.

Rikke Andresen og Elin Drivflaadt har i deiras masteroppgåve kartlagt om illustrasjonar i lærebøker på ungdomsskulen representerer mangfold når det kjem til familiar og kjærstepar. Utvalget deiras består av 19 lærebøker utgitt i perioden 2006 til 2019 og omfattar lærebøker frå norsk, KRLE og samfunnsfag. Dei kategoriserer bileta i to – familie og seksuell legning. Berre tre av 131 bilete i kategorien familie er samkjønna, medan ti av 83 bilete i seksuell legning-kategorien er av samkjønna par.<sup>15</sup> Dei meiner at prosentandelen på samkjønna par i seksuell legning-kategorien avbilda (12%) stemmer bra overens med anslaget i prosent av

---

<sup>10</sup>Demirel, Y.J. (2018). *Rette lærebøker? En undersøkelse av skeiv tematikk og LHBTQ-representasjon i norsklærebøkene for videregående skole* [Masteroppgave]. Universitetet i Bergen: 115.

<sup>11</sup> Sander, T.F. (2018). *Seksualitet i lærebøker: En analyse av hvordan seksualitet blir fremstilt i Religion- og etikkbøker for videregående skole* [Masteroppgave]. Universitetet i Oslo: 63 & Røthing, Å. (2017). Sexual orientation in Norwegian science textbooks: Heteronormativity and selective inclusion in textbooks and teaching. *Teaching and Teacher Education*, 67, 143-151: 150.

<sup>12</sup> Røthing 2017: 150.

<sup>13</sup> Røthing 2017: 150.

<sup>14</sup> Sander 2018: 63.

<sup>15</sup> Andresen, R. & Drivflaadt, E. (2021). «Et bilde sier mer enn tusen ord?» *En visuell analyse av illustrasjoner av familier og kjærstepar i et utvalg lærebøker på ungdomstrinnet*. [Masteroppgave]. Universitetet i Stavanger: 41-42.

homofile i Noreg (1,2-10%), men at andelen samkjønna i familiekategorien kan antas å vera underrepresentert.<sup>16</sup> Vidare har dei analysert bileta og konkludert med at bileta av dei samkjønna para har eit underdanig preg og at bileta av dei heterofile para sett tonen tidleg i kapittel som omhandlar forelskelse og seksualitet.<sup>17</sup> Med andre ord er samkjønna par, eller skeiv seksualitet, representert til ein viss grad, men mykje av framstillinga blir stilt i andre rekke i forhold til det heterofile.

Det er ikkje observert nokre studiar som tar for seg omtale av skeiv seksualitet i lærebøker før Kunnskapsløftet 2006. Dette kan ha samanheng med at tematikken ikkje har vore interessant eller aktuell nok, eller at fokuset i faga har vore retta mot andre element. Vidare drøfting rundt dette vil ikkje denne oppgåva gå inn på.

Ein ser at den tidlegare forskninga viser at heterofili blir framstilt som det vanlegaste og det normale i lærebøker både på barne-, ungdoms- og den vidaregåande skulen. Forskninga viser også at dette gjeld fleire fag – samfunnsfag, RLE, naturfag og norsk. Mykje av biletebruken er også av det heteronormative slaget. Gjeld dette heteronormative perspektivet berre lærebøkene, eller er også undervisninga i skulen prega av det?

### 1.1.2 Heteroprivilegier i klasserommet

Åse Røthing har forska mykje på kjønn, seksualitet og mangfold. Ho meiner at «undervisning om homoseksualitet i norsk skole er først og fremst rettet mot å hindre homonegative holdninger og utrop blant elevene», og dermed forebygge såkalla «homofobisk mobbing».<sup>18</sup> I samband med dette har ho sett på ulike undervisningsopplegg kor dette har vore målet.

Røthing meiner at den undervisninga ho har observert fremjer det ho kallar heteroprivilegier i klasserommet, samtidig som undervisninga tar utgangspunkt i gode intensjonar om å hindre trakassering og diskriminering av lesbiske og homofile.<sup>19</sup> Undervisningsopplegget Røthing observerte tok utgangspunkt i at elevane skulle diskutere fire ulike tematikkar, for så å presentere diskusjonen i plenum. Dei fire tematikkane var abort, prevensjon, seksuelt overførbare infeksjonar og homofili. Røthing meiner her at ved å sette homofili for seg vil elevane i dei tre andre tematikkane ha eit heterofilt aspekt som utgangspunkt for diskusjonen,

---

<sup>16</sup> Andresen & Drivflaadt 2021: 41 & 70.

<sup>17</sup> Andresen & Drivflaadt 2021: 54-57.

<sup>18</sup> Røthing, Å. (2009). «Vi har ikke noe i mot de homofile» - heteroprivilegier i undervisning om homoseksualitet i norsk skole. *Tidsskrift för genusvitenskap 1*, (89-103).

<https://ojs.ub.gu.se/index.php/tgv/article/view/2429/2179>: 89.

<sup>19</sup> Røthing 2009: 89.

til tross for at abort, prevensjon og seksuelt overførbare infeksjonar også er aktuelt for homofile. På denne måten blir heterofili tatt for gitt, og som noko «vi» i klasserommet er.<sup>20</sup> Dette har sterk samanheng med heteronormativitet. Som ein konsekvens av eit «vi» finnes også eit «dem», og Røthing viser til eit eksempel frå same undervisningstime kor ei av gruppene starta diskusjonen i klasserommet med utsagnet «Vi i denne gruppa er enige om at vi ikke har noe imot de homofile».<sup>21</sup> Røthing problematiserer dette utsagnet på tre måtar; elevane uttalte seg om homofili som om det er noko dei skulle meine noko om og ikkje noko dei hadde eller skulle få kunnskap om; utsagnet bekrefter at klasserommet framstår som eit «(antatt) heteroseksuelt kollektivt vi, mens «de homofile» plasseres andre steder, utenfor klasserommet og skolekonteksten»; ved at elevane finn det nødvendig å sei at dei ikkje har noko imot dei homofile seier dei samstundes at dette ikkje er sjølvsgt.<sup>22</sup> Denne typen undervisning i skulen, som gir antatt heteroseksuelt orienterte elevar anledning til å meine noko om «dei homofile», skriv Røthing er gjenkjennelig og ordinær, og ikkje berre gjeld i det ovannevnte eksempelet, og viser samstundes til andre liknande prosjekt ho har gjennomført.<sup>23</sup> Ho viser også til fleire internasjonale studier som bekrefter synet på at heteroseksualitet blir tatt for gitt i skulekvardagen og samstundes er ein uuttalt forventning og forutsetning for samspel mellom elevar og mellom elevar og lærarar.<sup>24</sup> Desse vil ikkje bli gjennomgått i denne oppgåva då oppgåva fokuserer på det norske perspektivet og prioriterer andre element av plasshensyn, men det gir ein indikasjon på at heterofili er normen i skulesystemet fleire stadar enn i Noreg.

Som vist i desse to delkapitla viser forskning at lærebøker i fleire av skulens fag og undervisning om tematikkar kring seksualitet begge plasserer homofili for seg. Dei skiljer ut og anten skriv om det i egne avsnitt eller har egne diskusjonspunkt for det i klasserommet. Dette til tross for at mange av dei same tematikkane knytta til heterofil seksualitet også eksisterer i skeiv seksualitet. Totalt gir dette eit annerledesinntrykk av det å vera homofil og fremjer i stor grad heteroprivilegier i klasserommet og på skulen. Dette fører oppgåva over på dei teoretiske perspektiva med hovudvekt på skeiv teori.

---

<sup>20</sup> Røthing 2009: 95.

<sup>21</sup> Røthing 2009: 96.

<sup>22</sup> Røthing 2009: 96.

<sup>23</sup> Røthing 2009: 90 & 96.

<sup>24</sup> Sjå til dømes Epstein & Johnson 1998; Holland mfl. 1998; Kehily 2002; Epstein, O'Flynn & Telford 2003; Ambjörnsson 2004; Allen 2005; Reimers 2007.

### 1.1.3 Skeiv teori

Skeiv teori – eller queer theory – utfordrar og problematiserer måten ein forstår og uttrykker kjønn og seksualitet på.<sup>25</sup> Det er ein teoretisk retning og fellesbetegnelse på ulike tenke- og analysemåtar innafor kjønns- og seksualitetsforskning. Begrepet queer theory oppsto på 1990-talet i forbindelse med ei mengde homoaktivistar som kjempa mot undertrykking av seksuelle minoritetar i USA.<sup>26</sup> Mykje av grunntankane i skeiv teori er at seksualiteten vår knyttes til handlingane våre, men ikkje identiteten vår. Skeiv teori er skeptiske til å sette folk i bås basert på deiras seksualitet, og ynskjer heller å finne andre måtar å forstå og uttrykke kjønn og seksualitet på.<sup>27</sup> «I den skeive teorien er et hovedpoeng at seksualiteten snarere kan knyttes til handlinger som vil være kontekstbundne, og ikke på samme måte vil vise til dyptliggende identiteter», meiner professor i sosiologi Willy Pedersen.<sup>28</sup> Han meiner med andre ord at seksualitet er noko ein gjer, og ikkje noko ein har eller er. Likevel er det i samfunnet i dag forventningar og fordommar kring å knytta seksualiteten til ein person opp mot identiteten. Kvinner og menn møter gjerne forventningar til korleis dei skal gå kledd – kvinna skal nytta kjoler, sminke og vera feminim, medan mannen gjerne skal vera maskulin og tøffare kledd enn kvinna. På same viset tenkjer ein gjerne at ei lesbisk kvinne skal vera meir maskulin, og ein homofil mann skal vera meir feminim. Desse normane og tankane bidrar til annerledelsesgjerjing og bringer oss vidare inn på begrepet heteronormativitet.

Heteronormativitet er eit av kjernebegrepa innafor skeiv teori. Åse Røthing hevder heteronormativiteten ikkje berre gjeld i samfunnet generelt, men også i stor grad i skulen. Både i den daglige samhandlinga og i undervisninga blir heterofili framstilt som det normale og omtrent det obligatoriske, som vist i forrige delkapittel.<sup>29</sup> Gjennom å oppretthalde heteronormativiteten diskriminerer ein seksuelle minoriteter og ein klarar ikkje å skapa forståelse og respekt for desse gruppene. Heteronormativitet som begrep oppsto i forbindelse med skeiv teori på 1990-talet. Dette vil sei at begrepet ikkje eksisterte under to av læreplanperiodane som denne oppgåva tar for seg. Likevel vil ein kunne vurdere innhaldet i lærebøkene frå desse periodane som heteronormative eller ikkje, men ein kan også få ein forståelse for at lærebokforfattarane ikkje «visste betre».

---

<sup>25</sup> Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2015, 12. mars). *Skeiv teori*. Bufdir. [https://www.bufdir.no/lhbt/LHBT\\_ordlista/S/Skeiv\\_teori/](https://www.bufdir.no/lhbt/LHBT_ordlista/S/Skeiv_teori/).

<sup>26</sup> Pedersen, W. (2005). *Nye seksualiteter*. Universitetsforlaget: 30-33.

<sup>27</sup> Barne- ungdoms- og familiedirektoratet 2015.

<sup>28</sup> Pedersen 2005: 31.

<sup>29</sup> Røthing 2009: 90.



Filosof og kjønnsforskar Judith Butler er blant dei mest innflytelsesrike bidragsytarane innafor skeiv teori. Hennes bok *Gender Trouble* frå 1990 fremjer blant anna teorien om kjønnsperformativitet. Denne går ut på at kjønnskategoriane mann og kvinne er grunnleggande performative. Gjennom at mennesket oppfører seg ut i frå bestemte forventningar og tankar om korleis kvinner og menn skal vera, oppstår også kjønnskategoriane mann og kvinne. Med andre ord føler ein seg som kvinner og menn fordi ein handlar på bestemte måtar.<sup>30</sup> Bryt ein med desse ulike handlingane, som til dømes om ei kvinne kler seg meir mandig, som nevnt i eksempelet over, kan folk reagere og det oppstår forvirring rundt denne personens kjønn eller seksuelle legning. Dette med seksuell legning er også noko Butler tar opp. Det er forventa frå samfunnet at ein mann og ei kvinne skal tiltrekkes av det motsatte kjønn.<sup>31</sup> Dette bringer oss igjen inn på det tidlegare nevnte begrepet heteronormativitet. Dette begrepet vil i stor grad få plass i denne oppgåva, særleg i diskusjonsdelen, kor det vil bli sett på om lærebøkene har hatt noko form for utvikling i retning mindre heteronormativ vinkling.

#### 1.1.4 Lærebøkene rolle i skulen

Lærebøker blir trekt fram som den klart mest brukte ressursen i skulen av professor ved Institutt for lærerutdanning og skuleforskning ved Universitet i Oslo Marte Blikstad-Balas. Ho lanserer dette som eit solid internasjonalt «forskningsfaktum».<sup>32</sup> Norunn Askeland, Eva Maagerø og Bente Aamotsbakken antyder i boka *Læreboka – studier i ulike læreboktekster* at lærebøkene stabile posisjon kanskje gjer dei til dei bøkene barn og unge bruker mest tid på av alle bøker.<sup>33</sup> Professor og undervisar i religionsdidaktikk Bengt-Ove Andreassen meiner at lærebøkene i stor grad påverkar undervisninga i skulen samt at dei legg grunnlaget for kva elevane lærer.<sup>34</sup> Lærarane stoler på kunnskapen i desse bøkene, og elevane vil også sjå på kunnskapen i bøkene som sikre kjelder. Ei kartlegging frå Høgskulen i Vestfold frå 2005 støtter opp om dette – med funn som til dømes at læreboka er det mest brukte og vektlagte læremiddelet, elevane individuelle arbeid med lærebøker er det vanlegaste og at digitale

---

<sup>30</sup> Butler, J. (1990). *Gender trouble – feminism and the subversion of identity*. Routledge: 145.

<sup>31</sup> Butler 1990: 145.

<sup>32</sup> Blikstad-Balas, M. (2014). Lærebokas hegemoni – et avsluttet kapittel? I Hvistendahl, R. & Roe, A. (Red.) *Alle tiders norskdidaktiker – festskrift til Frøydis Hertzberg på 70-årsdagen den 18. november 2014* (325-348). Novus Forlag: 325.

<sup>33</sup> Askeland et.al. 2013: 11-12.

<sup>34</sup> Andreassen 2014: 1-14.

læremidler og internett i liten grad benyttes.<sup>35</sup> Det er fagpersonar som står bak tekstane i lærebøkene, noko som gir lærebøkene troverdighet og gjennomslagskraft. Ofte har lærebøkene mange forfattarar, og desse forfattarane har ekspertise på kvart sitt felt.

Lærebøkene er skriven med basis i kva læreplanane seier, og blir i stor grad utforma for å møte krava i dei ulike fagas læreplan. Professor ved institutt for nordisk og mediefag Elise Seip Tønnesen påpeikar dog at ein kan «se på læreboka som en fortolkning av læreplanens fag- og kunnskapssyn».<sup>36</sup> Denne fortolkninga som lærebokforfattarane gjer vil i neste omgang få konsekvensar for korleis undervisninga blir. I og med at lærebøkene blir trekt fram som den klart mest brukte ressursen i skulen, vil det vera lærebokforfattarens fortolkning av læreplanen og ikkje læreplanen sjølv som styrer kva elevane får undervisning i. Ved å basera seg på lærebøker er i allefall lærarane sikra at undervisninga er i samsvar med forfattaranes fortolkning av læreplanen. Sjølv om forfattarane har erfaring med faget dei skriv om, betyr ikkje dette automatisk at dei tolkar læreplanen på ein god nok, eller tilstrekkelig, måte. Nye lærebøker kan på enkelte områder vera ganske like som dei tidlegare lærebøkene – dette til tross for at det kjem nye læreplanar med meir eller mindre jevne mellomrom. Har forfattarane då tolka den nye læreplanen på nytt og kome fram til det same som sist, eller omformulerer dei berre si tidlegare tolkning slik at den i større grad passar inn med den nye læreplanen? Dette er vanskelig å vite. Ofte er det også dei same forfattarane som skriv for dei same forlaga, som oppgåva viser i neste kapittel.

Det er dog ikkje berre lærebøker som vert nytta i skulen, men også digitale ressursar. Ein studie gjennomført av IKT-senteret på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet i 2014 viser at «de fleste lærere og elever på 9. trinn og Vg1 bruker digitale læringsressurser i fagene naturfag, norsk eller samfunnsfag».<sup>37</sup> I kor stor grad det nyttas oppgis ikkje i denne studien. Ei spørreundersøking gjennomført på vegne av Utdanningsdirektoratet i 2015 viser dog at 64 prosent av dei spurte nytta i «hovedsak papirbaserte lærebøker, men supplerer med noe bruk av digitale læremidler» i undervisninga av naturfag på grunnskulen. 29 prosent svarte at dei nyttar like mykje papirbaserte som digitale læremidler. Berre 6 prosent oppga at dei i

---

<sup>35</sup> Oxford research. (2008). *Lærebøker for alle? Undersøkelse av behov for særskilt tilrettelagte læremidler*. Utdanningsdirektoratet. [https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/rapporter/5/laremiddel\\_rapport.pdf](https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/rapporter/5/laremiddel_rapport.pdf): 29-30.

<sup>36</sup> Tønnesen, E. S. (2013). Læreboka som kunnskapsdesign. I Askeland, N., Maagerø, E. & Aamotsbakken, B. (Red.), *Læreboka – studier i ulike læreboktekster* (147-164). Akademika forlag: 149.

<sup>37</sup> Meld. St. 28 (2015-2016). *Fag – fordypning – forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-28-20152016/id2483955/>: 76.

hovudsak nytta digitale midler.<sup>38</sup> På spørsmål om kor ofte utvalgte digitale læremiddel vert nytta er prosentandelen størst på anten «1-2 ganger i måneden», «siste skoleåret» eller «aldri». «Hver uke» og «daglig» har betydeleg mindre prosentandel, med NDLA som den mest brukte med 20 prosent på «hver uke» og 5 prosent på «daglig».<sup>39</sup> Ei kartlegging gjennomført av Hatlevik et.al. viser at andelen som brukte datamaskin vekentlig eller oftare auka frå litt under 20 prosent i 2005 til 30 prosent i 2013.<sup>40</sup>

Etterkvart som samfunnet blir meir digitalisert på mange ulike områder, aukar truleg også bruken av andre alternative læringsressursar, noko studien til Hatlevik et.al. viser. Mange skular har innført ein-til-ein-løysinga, som vil seie at kvar elev skal ha sin eigen PC – ei innføring gjennomført rundt tidleg 2010-talet. Vidare er det lett å anta at digitale hjelpemiddel ikkje vart brukt i noko grad på 70-, 80- og 90-talet. I alle fall ikkje som anna enn skriveredskap. Denne påstanden støttes opp av at det ikkje finnes studiar som har kartlagt PC-bruk i skulen frå desse periodane.

---

<sup>38</sup> Waagene, E. & Gjerustad, C. (2015). *Valg og bruk av læremidler. Innledende analyser av en spørreundersøkelse til lærere*. Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning. [https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/forskningsrapporter/Valg og bruk av laremidler](https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/forskningsrapporter/Valg_og_bruk_av_laremidler): 26.

<sup>39</sup> Waagene & Gjerustad 2015: 31.

<sup>40</sup> Hatlevik, O.E., Egeberg, G., Guðmundsdóttir, G.B., Loftsgarden, M. & Loi, M. (2013). *Monitor skole 2013 – Om digital kompetanse og erfaringer med bruk av IKT i skolen*. Senter for IKT i utdanningen: 91.

## 1.2 Metode

Då eg ynskjer å kartlegge korleis skeiv seksualitet har blitt omtalt i naturfagslærebøker på ungdomsskulen sidan Mønsterplan 1974 vil oppgåvas kjeldemateriale naturleg nok vera naturfagslærebøker på ungdomsskulen frå og med tidleg 1970-tal og fram til i dag. Oppgåva vil basera seg på ein gjennomgang av desse bøkene og vil i så måte bestå av dokumentanalyse som metode. Første delspørsmål i diskusjonen vil dog ha eit kvantitativt preg over seg, då eg her kartlegg kor mykje skeiv seksualitet blir omtalt i naturfagslærebøkene.

### 1.2.1 Avgrensing av oppgåva

Denne oppgåva har eit stort spenn, både i antall år oppgåva ynskjer å kartlegge og i antall lærebøker oppgåva ynskjer å gjennomgå. Det breie spennet i lærebøker er gjort for å få eit overblikk over dei generelle trekka eller trendane over tid. Målet med oppgåva er å sjå kva fleirtalet av elevane i den norske skulen har fått presentert av skeiv seksualitet i naturfagslærebøkene, og ikkje berre kva eitt forlag har hatt fokus på. Det har ikkje blitt funne noko oversikt over salgstal eller nedslagsmengde for dei ulike bøkene og oppgåva er difor nødt til å ha det breie spenne i lærebøker og forlag for å sikre at fleirtalet er representert. Gjennom å analysere bøker frå ulike forlag gitt ut under den same læreplanen, ynskjer eg å sørge for at resultatet blir så troverdig som mulig. Ved å berre ha sett på eit forlag ville datamaterialet frå kvar læreplan vorte for lite til å trekke generelle slutningar. Eg har valgt å fokusere utelukkande på ungdomsskulebøker. Dette vart gjort av plasshensyn, samt at statistikk viser at dette er tida kor flest har hatt seksualundervisning.<sup>41</sup>

Oppgåva startar frå Mønsterplan 1974 på bakgrunn av lovleggjeringa av homofili i 1972, og ender i nåtid med Fagfornyelsen 2020. Den 50 år lange perioden oppgåva spenner over er ein svært viktig periode for homofiles rettigheter i Noreg, og mange milepæler har blitt nådd i løpet av desse åra. Ved å trekke tråden heilt fram til dagens læreplan og lærebøker får oppgåva både eit historisk og eit samfunnsfagleg preg, men det er viktig å kartlegge korleis situasjonen er i dag då statistikk viser at negative haldningar ovanfor homofili framleis eksisterer i utbreidt grad i Noreg.

Korleis lærebokforfattarane arbeida i forbindelse med skrive- og researchperioden vil ikkje vera inkludert. Prosessen i dei ulike forlaga rundt arbeidet vil heller ikkje vera aktuelt for

---

<sup>41</sup> Sex og samfunn 2017: 16 & Sex og samfunn 2022: 5.

denne oppgåva. Politiske føringar og ytre hendelsar som til dømes læreplanar og lovendringar vil bli teken med der det er naturleg å gjera for å belyse utviklinga i lærebøkene omtale av skeiv seksualitet.

### 1.2.2 Utvalg av kjeldemateriale

Datamaterialet som analysedelen av oppgåva består av er lærebøker henta frå naturfaget på ungdomsskulen i ein periode på 46 år – frå 1975 til 2021. Det er også innlemma to bøker – ei frå 1969 og ei frå 1970 – som viser korleis situasjonen i lærebøkene var før homofili vart lovleggjort i 1972. Totalt er det inkludert 28 naturfagslærebøker. Målet med oppgåva er å sjå på korleis omtalen av skeiv seksualitet har endra seg over tid, og den beste måten å gjera dette på er å gå inn i bøkene som har vorten skriven til ulike tidspunkt i historia, og som har stått uredigert sidan. «Et vesentlig poeng med dokumenter er at de gir oss informasjon om et saksforhold nedtegnet på et spesielt tidspunkt og et spesielt sted, og ofte med tanke på spesifikke lesere», skriv professor i sosiologi Aksel Tjora om dokumentstudier.<sup>42</sup> Lærebøkene vil med andre ord kunne gi oss eit innblikk i statusen og haldningane til homofili i samfunnet på det gitte nedskrivningstidspunktet.

Bøkene som er inkludert inneheld alle eit kapittel om seksualitet, og det er desse kapitla som i all hovudsak vil vera kjernen i gjennomgangen av bøkene. Enkelte bøker omtalar homofili i små setningar ellers også, og der kor dette er tilfelle vil det bli nevnt. Dei naturfagsbøkene som ikkje omtalar seksualitet er haldt utanfor oppgåva. Seksualitet er omtalt på ulike trinn, og naturfagsbøker frå 7., 8., 9. og 10. trinn er difor inkludert. Fram til Reform 1997 besto ungdomsskulen av 7.-9. trinn og dette er grunnen til at bøker frå dette trinnet er inkludert før denne læreplanen. Det er ulik mengde bøker per læreplanperiode. Dette skuldast at seksualitetstematikken vart omtalt spreidd over fleire bøker blant enkelte av forlaga, særleg gjeld dette lærebøkene under læreplanane Mønsterplan 1974 og Mønsterplan 1987.

I tabell 1 kjem det fram at oppgåva ikkje har inkludert bøker frå Gyldendal Mønsterplan 1974, Aschehoug Mønsterplan 1987 og Aschehoug Fagfornyelsen 2020. Det var utfordrande å finne naturfagsbøker frå dei to førstnevnte, og det vart difor vurdert dit hen at mengda kjeldemateriale i desse tidsperiodane var tilstrekkelige og at inkludering av desse ikkje var nødvendig. Aschehoug Fagfornyelsen 2020 vart også vurdert til å ikkje vera nødvendig å

---

<sup>42</sup> Tjora, A. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Gyldendal Akademisk: 183.

inkludera, då dette i all hovudsak er ei historisk oppgåve og to bøker frå den nyaste læreplanen vart vurdert som tilstrekkeleg.

Oppgåva inneheld tre underproblemstillinger, og gjennomgangen av seksualitetskapitla vart gjort med hensyn til desse. Totalt antall sider kapitla strakk seg over vart kartlagt. Ord som på førehand var valgt ut – homofili, bifili, lesbisk, homoseksualitet (eller liknande former og bøyningar av desse orda) og seksuell orientering – vart kartlagt, og antall sider desse strakk seg over vart notert. Formuleringar eller avsnitt som inneheldt desse orda eller andre ord knytta til skeiv seksualitet vart notert. Formuleringar knytta til generell seksualitet vart også kartlagt og notert. Undervegs i arbeidet med bøkene vart det klart at biletebruk i bøkene også var av interesse, og dette vart også notert og kartlagt i arbeidet med gjennomgangen av bøkene.

### 1.2.3 Kjeldematerialets forlag og forfattarar

Mengda forlag varierer noko frå læreplanperiode til læreplanperiode, då enkelte forlag slutta å eksistere, andre forlag vart slått saman og nye forlag kom til. Dei forlaga som er innlemma er blant dei største i bransjen og det er difor sannsynleg at oppgåva får kartlagt lærebøker som majoriteten av elevar gjennom åra har nytta. Forlaga som er nytta er Aschehoug, Cappelen Damm, Fabritius & Sønners Forlag, Gyldendal, J.W. Cappelens Forlag, NKS-forlaget og N.W. Damm & Søn. Fabritius og Sønners Forlag er nytta i den tidlege perioden – ei bok knytta til før Mønsterplan 1974 og ei bok under Mønsterplan 1974. Dette forlaget var eit av Noregs største på tidleg 1970-tal, men valgte rundt starten av 1980-talet å slutte med det som vart sett på som ulønnsomme skulebøker, og forlaget solgte då læremiddelavdelinga til Gyldendal.<sup>43</sup> NKS-forlaget var eit forlag som vart oppretta i 1971 med det formålet å gi ut læremidler for grunnskule, vidaregåande opplæring og voksenalopplæring.<sup>44</sup> I 2002 vart det innlemma under forlaget N.W. Damm & Søn. Totalt fem bøker frå NKS-forlaget er teken med i denne oppgåva, fordelt over dei tre læreplanperiodane forlaget var aktivt – Mønsterplan 1974, Mønsterplan 1987 og Reform 1997. Berre ei bok er teken med frå N.W. Damm & Søn då dette forlaget fusjonerte med J.W. Cappelen i 2007 og danna Cappelen Damm.

Det kan tenkes at ein del bøker på tvers av ulike læreplanar har likt innhald då dei anten er frå same forlag eller at enkelte forlag har fusjonert. Ved å sjå på kven som har forfatta dei ulike

---

<sup>43</sup> Lotsberg, K. (2010). *Hvordan det gikk til at Fabritius ble solgt*. <https://scheibler.no/wp-content/uploads/2018/07/Hvordan-det-gikk-til-at-Fabritius-ble-solgt.pdf>: 6.

<sup>44</sup> Hansen, T.I. (2020, 9. mai). NKS. Store Norske Leksikon. <https://snl.no/NKS>.

bøkene vil ein få eit sterkare inntrykk av om bøkene kan likne på kvarandre. Det er fleire eksempel på at bøker frå ulike læreplanar har same forfattarar, som vist i tabell 1. Blant anna er begge bøkene frå Fabritius & Sønners Forlag skriven av Trond Johannessen og Odd Vellar. Mønsterplan 1987-bøkene og Reform 1997-boka frå Gyldendal har same forfattarar – Bjørn Gjefsen, Steinar Myhr og Arne Mæhle – og det same gjeld bøkene frå same periodane frå J.W. Cappelen – Anders Isnes, Terje Kristensen, Kersti Svelle og Bjørg Tysdahl. NKS-forlaget har hatt Jan Tanggard som ansvarleg for samtlige naturfagslærebøker på ungdomsskulen så lenge forlaget eksisterte. Også i nyare tid ser det ut til å vera normalen heller enn unntaket at forfattarar er med over fleire læreplanar. Per Roar Ekeland, Odd-Ivar Johansen, Odd Rygh og Siri Busengdal Strand er forfattarane av Aschehougs *Tellus 10* frå Reform 1997. Dei er også forfattarane av *Tellus 10* frå Kunnskapsløftet 2006, saman med Ann-Beate Hesenget. Under Kunnskapsløftet 2006 ser ein at Hanne S. Finstad og Jørgen Kolderup deltek på to ulike bøker og at Erik Steiniger har deltatt på både J.W. Cappelen og det fusjonerte Cappelen Damm sine bøker. Steiniger er saman med Andreas Wahl ansvarlege for Cappelen Damm sine bøker frå Kunnskapsløftet 2006 og Fagfornyelsen 2020.

Trenden for kven som forfattar naturfagsbøkene heller mot at forlaga nyttar dei same forfattarane ved fleire høve, og då over ulike læreplanar. Dette gjeld samtlige forlag, og det gjeld på tvers av dei forlaga som har fusjonert. På basis av dette kan det tenkes at det berre blir gjort få og små endringar frå bok til bok, sjølv om bøkene tilhøyrer nye læreplanar.

	Aschehoug	Cappelen Damm	Fabritius & Sønners Forlag	Gyldendal	J.W. Cappelen	NKS- forlaget	N.W. Damm	Totalt
Før Mønsterplan 1974			1	1				2
Mønsterplan 1974	1		1		3	2		7
Mønsterplan 1987				2	3	2		7
Reform 1997	1			1	1	1		4
Kunnskapsløftet 2006	1	1+1		1	1		1	6
Fagfornyelsen 2020		1		1				2

**Tabell 1:** Bøker med same forfattarar eller kor enkeltforfattarar er med på fleire er markerte med fargar. Like fargar indikerer same forfattar(ar). Dei fargelause tala indikerer eingongsforfattarar.

### 1.3 Oppgåvas vidare struktur

Oppgåva vil nå bevege seg inn på bakgrunnskapittelet. Hovudområda dette kapittelet tar for seg er innhaldet i dei ulike læreplanane frå Mønsterplan 1974 fram til Fagfornyelsen 2020 og homofilihistorie i Noreg. Det er hovudsakleg naturfagsdelane av læreplanane som vil bli gjennomgått for å finne ut kva dei spesifikt skriv om skeiv seksualitet. Det vil også bli lagt vekt på overordna utviklingstrekk frå læreplan til læreplan. Homofilihistoria vil ha fokus på to områder – det politiske og det sosiale, men vil bli presentert dynamisk i nokolunde kronologisk rekkefølge. Etter bakgrunnskapittelet vil gjennomgangen av lærebøkene bli presentert. Lærebøkene er plassert inn i dei ulike læreplanperiodane og læreplanperiodane blir gått gjennom kronologisk. Fokuset i gjennomgangen ligg på mengde og omtale av skeiv seksualitet, samt om seksualitet generelt blir omtalt nøytralt. Dette er siste hovudkapittel før diskusjonsdelen kjem. Diskusjonen tar for seg hovudproblemstillinga og dei tidlegare presenterte underspørsmåla, og forsøker å drøfte og svare på desse.

Heilt til sist kjem ein avslutningsdel og tankar for vidare forskning, både i forlengelsen av denne oppgåva og som liknande prosjekt på andre skulenivå.



## 2.0 Læreplanane og norsk skeiv historie

Lærebøkene er avhengige av å ta hensyn til dei ulike læreplanane som med ulike mellomrom blir produsert og lansert. Læreplanane blir snekra saman av utvalgte fagpersonell innafor dei ulike skulefaga. Læreplanane kan på enkelte områder vera nokså diffuse og lite konkrete – dette gjeld gjerne i størst grad i den generelle delen av planane – medan andre delar av planane kan bestå av svært konkrete mål. Kvar fag har sin spesifikke del med eigne kompetanssmål retta eksklusivt mot innhaldet i dette faget.

Sidan starten av 1970-talet er det fem utgåver av læreplan for grunnskulen som i større eller mindre grad har endra innhaldet i skulen. I tillegg til desse hovudutgåvene finn ein også reviderte utgåver av enkelte av dei, til dømes har Kunnskapsløftet to reviderte utgåver av sin opprinnelige – ein gyldig i perioden 2010-2013 og neste frå 2013 til Fagfornyelsen vert fullt implementert hausten 2022. Dei reviderte utgåvene er naturleg nok mindre ulike hovudutgåva enn hovudutgåvene er mellom seg. Det er i stor grad hovudutgåvene som får plass i denne oppgåva.

Dei påfølgande delkapitla vil ta for seg kva og i kor stor grad læreplanane for naturfaget på ungdomsskulen tar for seg seksualitet og seksuell legning, samt gi ei innføring i norsk, skeiv historie. Læreplanane som vil bli gjennomgått er Mønsterplan 1974, Mønsterplan 1987, Reform 1997, Kunnskapsløftet 2006 og Fagfornyelsen 2020.

### 2.1 Konstruksjonen av læreplanar

Tidlegare lektor og tillitsvald Torbjørn Ryssevik skriv at det i læreplanforskninga er vanleg å skilje mellom tre ulike måtar læreplanane er konstruerte på. Desse er innhaldsorienterte, prosessorienterte eller kompetanseorienterte. Vidare påpeiker han at sjølv om ein læreplan blir sett på som, til dømes, innhaldsorientert kan den innehalda element av dei to andre, men då ha hovudvekta på innhaldsorienterte faktorar.<sup>45</sup> Dei innhaldsorienterte læreplanane fortel kva innhald elevane møter i opplæringa; «lærestoff, tema og problemstillingar, ofte også arbeidsmåtar. Ein slik plan kan gjerne ha målformuleringar, men måla er overordna målsettingar for opplæringa – ikkje spesifikke mål for kva elevane skal lære».<sup>46</sup> Ryssevik

---

<sup>45</sup> Ryssevik, T. (2018). *Læreplanar – mellom teori, trendar og tradisjon*. Temanotat 3/2018. Utdanningsforbundet. [https://www.utdanningsforbundet.no/globalassets/var-politikk/publikasjoner/temanotat/2018/temanotat\\_2018.03.pdf](https://www.utdanningsforbundet.no/globalassets/var-politikk/publikasjoner/temanotat/2018/temanotat_2018.03.pdf): 6.

<sup>46</sup> Ryssevik 2018: 8.

meiner det i lang tid var denne formen for læreplan som dominerte i den norske skulen, og peiker på at både Mønsterplanane frå 1974 og 1987 er klart innhaldsorienterte, samt Normalplanen av 1939. Eit ledd i dei innhaldsorienterte læreplanane er at lærarane i stor grad må formulere kompetansemål sjølv – anten på eiga hand eller i fellesskap med andre lærarar. Begge Mønsterplanane ga lærarane stor frihet i dette arbeidet.<sup>47</sup> Også Reform 1997 har ei dominerande innhaldsorientering, men denne læreplanen har også større vekt på å formulere konkrete mål for det elevane skal lære og dermed større innslag av mål- og kompetanseorientert læreplan enn dei foregåande. Det store skiljet skjer ved innføringa av Kunnskapsløftet i 2006 – ein læreplan som kan karakteriserast som kompetanseorientert.<sup>48</sup> Kompetanseorienterte læreplanar har mål for elevane sin kompetanse som det sentrale. «Slike læreplanar kan gi føringar for kva innhald elevane skal møte i opplæringa, men det er likevel måla som skal vere det styrande prinsippet for lærarane sin planlegging og gjennomføring av undervisninga og for vurderingsarbeidet».<sup>49</sup> Vidare skriv Ryssevik at dei kompetanseorienterte læreplanane kan skiljast i målstyrte og resultatstyrte. I dei målstyrte er det mål for kva elevane skal meistre som gir føringar, medan det i den resultatstyrte læreplanen blir skildra kva elevane må kunne utføre for å nå måla på eit visst nivå.<sup>50</sup> Læreplanane i Kunnskapsløftet 2006 skulle vera mindre detaljerte enn tidlegare, meir tydelege på kva som skulle prioriterast og kompetansemåla skulle vera grunnlaget for vurderinga av elevane sitt arbeid.<sup>51</sup> Den generelle delen av læreplanen som vart formulert i 1993 og som gjorde seg gjeldande i Reform 1997 vart laga med det innhaldsorienterte formålet.<sup>52</sup> Denne delen av læreplanen var gyldig fram til 2020, då ny generell del vart utforma samstundes med nye læreplanar for alle faga. Dette vil sei at under Kunnskapsløftet 2006 var generell del av læreplanen innhaldsorientert og fagplandelane mål- og kompetanseorientert. Professor Britt Ulstrup Engelsen skriv vidare at den såkalla læringsplakaten under Kunnskapsløftet 2006, som óg gjekk under navnet «prinsipper for opplæringen», var prosessorientert.<sup>53</sup> Ryssevik skriv at ein prosessorientert læreplan «legg vekt på kva som kjenneteiknar læringsutviklinga til eleven innanfor ulike område».<sup>54</sup>

---

<sup>47</sup> Engelsen, B.U. (2020). Læreplanens generelle del – et historisk perspektiv. *Norsk pedagogisk tidsskrift* 104(2), 206-217: 209-210.

<sup>48</sup> Ryssevik 2018: 8.

<sup>49</sup> Ryssevik 2018: 6-7.

<sup>50</sup> Ryssevik 2018: 7.

<sup>51</sup> Ryssevik 2018: 8.

<sup>52</sup> Engelsen 2020: 212.

<sup>53</sup> Engelsen 2020: 212.

<sup>54</sup> Ryssevik 2018: 7.

Kunnskapsløftet 2006 var altså prega av ulike prinsipp, men den delen som formulerte kompetansemål, som er den delen av læreplanen som lærarane nyttar i størst grad, var mål- og kompetanseorientert.<sup>55</sup> Avslutningsvis definerer Engelsen Fagfornyelsen 2020 som ein resultatorientert læreplan og plasserer den difor under fana kompetanseorientert læreplan.<sup>56</sup>

## 2.2 Mønsterplan 1974 – M74

Mønsterplan 1974 – også omtalt som M74 – var gyldig frå 1974 til 1987. I M74 er naturfaget delt inn i to bolkar. Den eine tar for seg biologi, kor helselære er ein del av tematikken, og den andre tar for seg fysikk og kjemi. Biologien er vidare delt inn i to hovudkategoriar – *botanisk og zoologisk stoff og menneskets biologi og helselære*. Kategorien *menneskets biologi og helselære* trekk tidleg inn viktigheten av å lære bort «en nødvendig første orientering om kroppslige og sjelelige forandringer i pubertetsalderen».<sup>57</sup> Dette må skje allereie i 3. eller 4. trinn, og menstruasjonen må vektleggast. Vidare står det at:

Det må bli gitt saklige og korrekte opplysninger om forplantningen hos mennesket, slik at elevene lærer å se åpent og naturlig på dette livsområde, å vise alvor og respekt i omtalen av det og å forstå at deres ansvar også omfatter hensynet til egen og andres personlighetsvekst, til hjem og til samfunn.<sup>58</sup>

Forplantning skal bli gjennomgått, men praktisk veiledning i prevensjon «hører ikke med til grunnskolens undervisning» og eventuell veiledning på dette kan «gis av medisinsk sakkyndig til enkeltelever».<sup>59</sup> Dette er alle punkter under dei generelle måla for *menneskets biologi og helselære*. Går ein næmare inn på avsnittet om 7.-9. trinn står det lite spesifikt om seksualitet, og ingenting om seksuell legning. Det er meir fokus på forplantning, fosterutvikling og onani. Avslutningsvis i avsnittet står det at «undervisningen bør være etisk betont og i overensstemmelse med skolens mål».<sup>60</sup> Dei fem avsluttande sidene, av totalt tretten i naturfagkapittelet, handlar om arbeidsmåtar og sikkerhetstiltak ved desse måtane.

---

<sup>55</sup> Engelsen 2020: 215.

<sup>56</sup> Engelsen 2020: 214.

<sup>57</sup> Kirke- og undervisningsdepartementet. (1974). *Mønsterplan for grunnskolen*. [https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2008052804017](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2008052804017): 191.

<sup>58</sup> Kirke- og undervisningsdepartement 1974: 191.

<sup>59</sup> Kirke- og undervisningsdepartement 1974: 191.

<sup>60</sup> Kirke- og undervisningsdepartement 1974: 192.

Under kapittelet *Obligatoriske emner* finn ein underkapittelet *Forplantningen* kor ein del heteronormative syn blir trukke fram. Det som er av mest interesse i forbindelse med dette er måten homofili blir inkludert på. «Kort omtale av homoseksualitet og ekshibisjonisme og andre seksuelle ytringer som er forskjellige fra det vanlige», står det under *biologi og helselære for 7.-9. trinn*.<sup>61</sup> Homoseksuelle samliv blir her karakterisert som noko utanfor det vanlege, og ikkje som eit alternativ til heteroseksuelle samliv.

### 2.3 Mønsterplan 1987 – M87

Mønsterplan 1987 – også omtalt som M87 – er læreplanen som var gyldig frå 1987 til 1997. Kapittelet som tar for seg naturfag på ungdomsskulen er på elleve sider og omhandlar i stor grad generelle betraktningar rundt kva som er viktig med, og i, naturfaget. Det er jevnt over ein del om vitenskap, respekt for naturen og naturressursar og ulike arbeidsmåtar i faget som blir nevnt på dei første fire sidene. Etter dette blir hovudemner og delemner presentert – det er ingen spesifikke kompetansemål for naturfaget i denne læreplanen. Det er fjorten hovudemner som blir presentert, og for denne oppgåva er det to av dei som er av interesse i større og mindre grad. Det første er *Liv, arv og utvikling* og handlar mest om forplantning, pubertet og arv.<sup>62</sup> Det andre er *Kropp og helse* og handlar blant anna om korleis kroppen er bygd opp, ulike sjukdommar og miljøets betydning for helsa. Ingenting av dette er av interesse for denne oppgåva, men hovudemnet *Kropp og helse* tar også for seg samlivsspørsmål.<sup>63</sup> Kva dei legg i dette står det ingenting om, og verken homofili eller heterofili er omtalt spesifikt noko stad. Basert på dette kan ein spora ei endring frå M74 – ingen spesifikk omtale i M87 kontra i same bås som ekshibisjonisme og andre uvanlege seksuelle ytringer i M74.

Det er fleire fellestrekk mellom dei to mønsterplanane som vart innførte i 1974 og 1987. Begge skil seg frå den meir tradisjonelle læreplanen i den forstand at dei er retningsgjevande rammeplanar – lærestoffet i planane er ikkje obligatorisk pensum, men meir ei ramme som lærarar og skular kunne velje innhald frå.<sup>64</sup> Denne valfriheten for læraren meiner Ryssevik i praksis var ganske avgrensa. Lokale læreplanar skulle utarbeidast av skulen – læreplanar som

---

<sup>61</sup> Kirke- og undervisningsdepartement 1974: 300.

<sup>62</sup> Kirke- og undervisningsdepartementet. (1987). *Mønsterplan for grunnskolen M87*. [https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2007080200101](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2007080200101): 246.

<sup>63</sup> Kirke- og undervisningsdepartement 1987: 247.

<sup>64</sup> Ryssevik 2018: 9.

kunne vera svært styrande. Dette var dog noko av poenget med innføringa av både M74 og M87 – i staden for at læraren sjølv skulle ha ansvar for planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisninga, skulle skulen i fellesskap stå for dette. Det at skulane sjølv skulle stå for utarbeiding av lokale læreplanar braut med Normalplanen frå 1939 i den forstand at elevane kunne møte svært ulikt lærestoff ut i frå kor i landet dei gjekk på skule. Det at M74 og M87 berre fungerte som rammeverk kan også ha gjort jobben for lærebokforfattarane meir komplisert i utveljinga av tematikkar. Konstruksjonen av dei etterfølgande læreplanane kjem under dei respektive kapittel.

## 2.4 Reform 1997 – L97

Reform 97 – også omtalt som L97 – er den læreplanen med kortast levetid av dei inkluderte i denne oppgåva. L97 var berre gyldig i ni år, frå 1997 til 2006 då Kunnskapsløftet 2006 kom. Læreplanen er bygd opp med inndeling i ulike hovudkategoriar på kvart trinn. Desse hovudkategoriane er *Kropp og helse, Mangfaldet i naturen, Stoff, eigenskapar og bruk* og *Det fysiske verdsbiletet*.

Som tidlegare nevnt er L97 annerledes bygd opp enn dei to mønsterplanane. Læreplanen beveger seg i den kompetanseorienterte retninga, sjølv om hovudvekta framleis ligg på det innhaldsorienterte. Meir detaljerte og ikkje minst felles lærestoff var fokusområder i utarbeidinga av denne læreplanen. Det var slutt på at skulane skulle arbeide fram lokale læreplanar basert på eit større rammeverk levert av læreplanarbeidarane – alle elevar skulle gjennom det same.<sup>65</sup> Den norske utdanningspolitikken vart i løpet av 80- og 90-talet sterkt påverka av globale tendensar. Blant desse tendensane var det blant anna konsensus om at «utdanning tillegges svært stor betydning for framtidig vekst og utvikling».<sup>66</sup> Vidare i artikkelen til Sylvi Hovdenak om L97 trekk ho fram fleire forskarar som hevdar at det økonomiske og politiske aspektet ved utdanning var førande utover på 1990-talet – blant anna Karlsen og Halsey et.al. Det vart i løpet av 90-talet ei sterk statleg styring av skulen gjennom det detaljerte pensumet som skulle vera felles for alle elevar. Samfunnets behov, ynskjer og krav vart førsteprioritet, medan individets utvikling først og fremst vart sett i samheng med dei samfunnsmessige utfordringane og nasjonens internasjonale konkurransevne.<sup>67</sup> På dette

---

<sup>65</sup> Ryssevik 2018: 10.

<sup>66</sup> Hovdenak, S. S. (2004). Et kritisk blikk på Reform 97 og dens grunnlagstenkning. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 88(4), 316-330: 317.

<sup>67</sup> Hovdenak 2004: 319.

viset vil enkelte tematikkar – det som gir økonomisk vinning for nasjonen – truleg få større prioritet, både i læreplan og i lærebøker.

Innleiinga til naturfagskapittelet i L97 handlar i stor grad om det vitskaplege aspektet ved naturfag som fag på barne- og ungdomsskulen. Teknologi, vitskap og forsøk er omtalt fleire stader på dei to sidene innleiinga strekk seg over, og inntrykket ein sitt igjen med etter å ha lest desse sidene er at det er denne tematikken som får mest plass og som også er viktigast i naturfaget. Dette kan stemme overens med artikkelen til Hovdenak som fremja den økonomiske vinninga for nasjonen som viktig i utviklinga av læreplanen. Det einaste, om enn i noko vag forstand, i den generelle innleiingsdelen av naturfag i L97 som kan knyttast opp mot tematikken i denne oppgåva er at «dei skal utvikle kunnskap og holdningar, slik at dei kan ta vare på sin eigen kropp og si eiga helse og vise omsorg og respekt for andre».<sup>68</sup> Under delkapittelet *Mål for ungdomssteget, 8.-10. klasse* i avsnittet om *Kropp og helse* kjem dette med å vise omsorg og respekt for andre tilbake. I tillegg er det fokus på korleis systema i kroppen fungerer, korleis tobakk og rusmiddel verkar på kroppen og at elevane skal få kjennskap til ulike sjukdommar.<sup>69</sup> Går ein nærmare inn på kompetansemåla i kvart trinn, finnes det ingen som omtalar seksualitet eller seksuell legning på verken 8. eller 9. trinn. Under hovudkategorien *Kropp og helse* på 10. trinn er det dog fem av sju kompetansemål som er av interesse. Fire av dei omtalar formeiringsprosessen og graviditet, prevensjonsmiddel, seksuelt overførbare sjukdommar og abort, medan det siste kompetansemålet omtalar forelsking og seksualitet – «drøfte kva som ligg i omgrepa forelsking, kjærleik, omsorg, seksualitet, seksuell kjønnsidentitet mellom anna heterofili, homofili, seksuell lågaldar, seksuell debut og sexpress».<sup>70</sup> Av dei 69 kompetansemåla elevane skulle gjennom i naturfag i løpet av ungdomsskulen under L97, er det berre eit av dei som omhandlar seksualitet og seksuell legning direkte. Dette kompetansemålet omtalar både homofili og heterofili spesifikt. Ein ser dog ei endring frå dei to mønsterplanane i kor konkrete kompetansemåla er. Der kor mønsterplanane hadde eit rammeverk, går denne læreplanen meir spesifikt til verks i omtalen av kompetansemåla, noko som her har fått utslag i form av spesifikk omtale av seksuelle legningar.

---

<sup>68</sup> Det kongelige kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet. (1996). *Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen*. [https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2008080100096?page=1](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2008080100096?page=1): 208.

<sup>69</sup> Det kongelige kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet 1996: 214.

<sup>70</sup> Det kongelige kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet 1996: 217.

## 2.5 Kunnskapsløftet 2006 – LK06

Den nye læreplanen som kom i 2006 vart kalla Kunnskapsløftet, men vil i denne oppgåva også omtalast som LK06. Denne læreplanen hadde varighet fram til 2020, då Fagfornyelsen 2020 overtok. Noko av bakgrunnen for at LK06 vart innført var ynsket om å skape ein kvalitativt betre skule til det beste for elevar og samfunn.<sup>71</sup> Resultata i internasjonale undersøkelser, som PISA og TIMMS, vart tolka i den retning at Noreg sakka akterut i den globale konkurransen. Som nevnt i forbindelse med L97 var den norske utdanningspolitikken sterkt påverka av globale trendar og landets økonomiske framtid vart sett i samheng med utdanninga – dette gjaldt også, og i forsterka grad, i utarbeidinga av LK06. Berit Karseth og Britt Ulstrup Engelsen sett ord på det på følgande måte: «Skolens oppgave blir først og fremst å sikre at elevene utvikler de kompetanser som en antar at arbeidslivet trenger».<sup>72</sup> I LK06 vart det lagt stor vekt på dei grunnleggande ferdighetene – uttrykke seg skriftleg og munnleg, lesa, rekna og bruke digitale verktøy – og desse ferdighetene vart innarbeidd i samtlige fag.<sup>73</sup> Ryssevik hevdar at vektlegginga av desse ferdighetene, samt dei nasjonale prøvane som i stor grad gjekk ut på å måle desse ferdighetene fekk konsekvensar i den forstand at arbeid med dei grunnleggande ferdighetene i stor grad vart prioritert og at læringstrykket gjekk mot desse.<sup>74</sup> Gjennom å auka fokuset på dei grunnleggande ferdighetene skulle også læreplanane for faga vera mindre detaljerte.<sup>75</sup> Skular ynskja gjerne å vera best på dei nasjonale prøvane og prioriterte i stor grad utvikling av dei grunnleggande ferdighetene over andre ferdigheter.

Av kompetansemål for naturfag etter 10. klasse finnes det eit som kan knyttes opp mot denne oppgåvas tematikk. «Drøfte problemstillinger knyttet til seksualitet, ulik seksuell orientering, prevensjon, abort og seksuelt overførbare infeksjoner», lyder dette.<sup>76</sup> Dette kompetansemålet ligg under hovudområdet *Kropp og helse*, som er eit av totalt seks hovudområder LK06 lanserer. Det er totalt ni kompetansemål innafor dette hovudområdet. Ein ser at det mindre detaljerte fokuset LK06 har i forhold til L97 spelar inn på dette kompetansemålet. I L97 blir forelsking, kjærleik og omsorg nevnt, og homofili og heterofili blir nevnt i forbindelse med ulik seksuell kjønnsidentitet. Kan dette forstås som at desse kjenslene er mindre verdt i

---

<sup>71</sup> Ryssevik 2018: 10.

<sup>72</sup> Karseth, B. & Engelsen, B. U. (2007). Læreplan for Kunnskapsløftet – et endret kunnskapssyn? *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 91(5), 404-415: 410.

<sup>73</sup> Ryssevik 2018: 11.

<sup>74</sup> Ryssevik 2018: 11.

<sup>75</sup> Karseth & Engelsen 2007: 407.

<sup>76</sup> Utdanningsdirektoratet. (2006). *Læreplan i naturfag (NAT1-01)*. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2006. <https://www.udir.no/kl06/NAT1-01>: 9.

arbeidet med å utvikla landet økonomisk, slik noko av målet med LK06 var, ifølge Torbjørn Ryssevik? I L97 er det også egne kompetansemål som går på abort, seksuelt overførbare sjukdommar og prevensjonsmiddel. I LK06 er alle desse slått saman til eit punkt.

Hovudområdet *Kropp og helse* blir beskrive ein anna stad i læreplanen også, kor det står at det handlar om korleis kroppen er bygd opp og korleis den påvirkes og endres over tid, samt viktigheten av god psykisk helse. Vidare er respekt og omsorg for andre sentralt.<sup>77</sup> Totalt er det 39 kompetansemål i naturfag etter 10. klasse, som også gir oss ein indikasjon på at kompetansemåla er mindre detaljerte, eller kanskje slått saman sidan dei 69 kompetansemåla i L97.

I 2013 kom det ein revidert utgåve av LK06 kor kompetansemålet nevnt ovanfor er noko endra. «Formulere og drøfte problemstillinger knyttet til seksualitet, seksuell orientering, kjønnsidentitet, grensesetting og respekt, seksuelt overførbare sykdommer, prevensjon og abort».<sup>78</sup> Det er altså lagt til at elevane skal *formulere* problemstillingar om *kjønnsidentitet* og *grensesetting og respekt*. Det er ingen fleire tillegg i den reviderte utgåva som er verdt å nevne i forbindelse med denne oppgåva.

## 2.6 Fagfornyelsen 2020 – LK20

Den siste læreplanen som blir tatt for seg i denne oppgåva er Fagfornyelsen – som også vil bli omtalt som LK20. Implementeringa av Fagfornyelsen starta i 2020, og er den læreplanen som er gyldig i naturfaget på ungdomsskulen i dag. I løpet av hausten 2022 vil heile læreplanen vera implementert på alle tre trinna på ungdomsskulen.

Det einaste kompetansemålet etter 10. trinn som i noko grad kan knyttes opp mot denne oppgåva er «drøft spørsmål knyttet til seksuell og reproduktiv helse».<sup>79</sup> Totalt er det 22 kompetansemål og dermed sytten færre enn i LK06. Ifølge Helsedirektoratet er seksuell helse definert som «fysisk, psykisk, emosjonelt og sosialt velvære relatert til seksualitet. Seksualitet omfatter blant annet vår kjønnsidentitet, seksuell orientering, erotikk, glede, intimitet og reproduksjon».<sup>80</sup> Kompetansemålet er altså korta ned, men ser ein djupare inn på definisjonen

---

<sup>77</sup> Utdanningsdirektoratet 2006: 3.

<sup>78</sup> Utdanningsdirektoratet. (2013). *Læreplan i naturfag (NAT1-03)*. Fastsatt som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2006. <https://www.udir.no/kl06/NAT1-03>: 9.

<sup>79</sup> Utdanningsdirektoratet. (2019). *Læreplan i naturfag (NAT01-04)*. Fastsatt som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. <https://www.udir.no/lk20/nat01-04?lang=nob>: 10.

<sup>80</sup> Helsedirektoratet. (2021, 20. oktober). 4.6 *Seksuell helse*. Helsedirektoratet. <https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/sektorrapport-om-folkehelse/sunne-valg/seksuell-helse>.



av orda brukt i kompetansemålet finn ein i stor grad likhetstrekk med LK06 sin omtale om tematikken. Dette er noko av det som kjenneteikner Fagfornyelsen kontra Kunnskapsløftet – færre og meir generelle kompetansemål. Som ein konsekvens av dette blir det kanskje meir opp til skulane og læraren å utvikle meir spesifikke kompetansemål, og prioriteringane ved dei ulike skulane kan bli ulik. Eit av måla med Fagfornyelsen er å vera ein kompetansebasert læreplan med ei tydeleg innhaldsorientering, men ein rapport frå 2020 konkluderer med at det er usikkert om dette målet er oppfylt.<sup>81</sup> Truleg vil ei kartlegging av dette skje når læreplanen har vore aktiv ein del år.

Det som i LK06 vart kalla *hovudområder* blir i LK20 kalla *kjerneelement*. *Kropp og helse* er eit av desse. Også her står det at elevane skal vite korleis kroppen utviklar seg over tid og at psykisk helse må ivaretas.<sup>82</sup> Det står derimot ingenting om respekt og omsorg for andre, slik som i LK06. Også i den tverrfaglige tematikken *Folkehelse og livsmestring* står det at elevane må få kompetanse til å ta vare på egen psykiske helse, samt forstå eigen kropp.<sup>83</sup>

Omtalen av skeiv seksualitet i læreplanane har variert opp gjennom åra. M74 nevnte homofili i forbindelse med noko som var utanom det vanlege, medan M87 ikkje nevner det i det heile tatt. Den generelle omtalen av seksualitet i M74 ber preg av å ha ein moralsk og på den tida etisk framstilling og fokusområde. Begge desse planane er som nevnt rammeplanar som manglar spesifikke kompetansemål og det er ikkje før L97 at noko slikt blir formulert. Kompetansemålet om seksualitet i denne læreplanen er dog svært detaljert og er det einaste kompetansemålet i alle desse læreplanane som eksplisitt nevner homofili. Dei påfølgande læreplanane LK06 og LK20 blir gradvis mindre detaljerte i omtalen av homofili med formuleringane «seksuell orientering» og «seksuell helse». Ved å redusere kor spesifikke kompetansemåla er, legg ein truleg meir av ansvaret over på læraren eller lærebøkene i å tolka kva som skal vera med i undervisninga. Ein kan i så måte tenka at utviklinga av omtalen av skeiv seksualitet i læreplanane frå L97 kanskje kan få konsekvensar for omtalen av skeiv seksualitet i lærebøker og undervisning.

Det vil nå vera naturleg å sjå på korleis utviklinga i samfunnet for homofile har vore. Speglar dei ulike læreplanane haldningar og auka rettigheter for homofile?

---

<sup>81</sup> Karseth, B., Kvamme, O.A. & Ottesen, E. (2020). *Fagfornyelsens læreplanverk – politiske intensjoner, arbeidsprosesser og innhold* (EVA2020). Det Utdanningsvitenskapelige fakultet, Universitetet i Oslo. <https://www.udir.no/contentassets/f9e24b76d66b4a23a2337644acf6d5a6/eva2020--delrapport-ap1.pdf>: 152.

<sup>82</sup> Utdanningsdirektoratet 2019: 3.

<sup>83</sup> Utdanningsdirektoratet 2019: 3.

## 2.7 Skeiv historie

Den første norske organisasjonen for homofile – Det Norske Forbundet av 1948 – oppsto som ei underavdeling av det danske Forbundet af 1948, før det i 1953 vart ei sjølvstendig forening. I ein drøy tiårsperiode opererte organisasjonen på ein svært diskuré måte i frykt for å skape skandalestemning og moralsk panikk om homoseksualitet lik den i nabolanda Sverige og Danmark på denne tida.<sup>84</sup> På midten av 1960-talet bevegde organisasjonen seg dog vekk frå diskresjonslinja, og særleg eit radioprogram som tok opp tematikkar kring homofili på NRK i 1965 og valget av Kim Friele som leiar for organisasjonen i 1966 bidro sterkt til dette. Organisasjonen vart meir synleg, og det same vart kampen dei førte på vegne av homofili. I programtalen om det nevnte radioprogrammet sto det at «det er lite vi vet om årsaksforhold og uttrykksformer for homofilt kjærleghetsliv.. Men om de homofiles situasjon i vårt samfunn vet vi at det er angst, isolasjon og livsødeleggende forstillelse som preger de flestes liv».<sup>85</sup> Friele var deltakar på dette programmet og fremja blant anna at homofile ofte vart framstilt i media på ein måte som ga negative inntrykk for «vanlige heterofile mennesker», og at homofili handlar vel så mykje om kjærleik som seksuell aktivitet.<sup>86</sup>

I Noreg var homoseksualitet kriminelt og straffbart fram til 1972. Etter langvarig kamp, særleg frå Det Norske Forbundet av 1948 ved formann Kim Friele, fremja stortingsrepresentant frå Arbeiderpartiet Arne Kielland forslag om å fjerne den inkriminerande paragrafen i lovverket i 1970.<sup>87</sup> Likevel skulle det ta to år før §213 vart oppheva og likekjønna seksualitet lovleg ifølgje norsk lov. Noreg var eit av dei siste landa i Vest-Europa til å avkriminalisere sex mellom menn – Danmark gjennomførte ei lovendring til fordel for dette allereie i 1932.<sup>88</sup> Det var ingenting i lova som forbaud sex mellom kvinner. §213 hadde følgande bestemmelsar, og hadde hatt det heilt sidan 1902:

§ 213. Finder utugtig Omgjængelse Sted mellem Personer af Mandkjøn, straffes de, der heri gjør sig skyldige, eller som medvirker dertil, med Fængsel indtil 1 Aar.

---

<sup>84</sup> Gillow-Kloster, H. (2014, 23. september). *Det norske forbundet av 1948*. Skeivt arkiv. <https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/det-norske-forbundet-av-1948>.

<sup>85</sup> Gillow-Kloster, H. (2015, 15. juni). *Radioprogrammet «Homofili og menneskeverd»*. Skeivt arkiv. <https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/radioprogrammet-homofili-og-menneskeverd>.

<sup>86</sup> Gillow-Kloster 2015.

<sup>87</sup> Berge, B. (2021, 9. juni). *Paragraf 213 (seksuell omgang mellom menn som straffbart forhold)*. Store Norske Leksikon. [https://snl.no/Paragraf\\_213\\_-\\_seksuell\\_omgang\\_mellom\\_menn\\_som\\_straffbart\\_forhold](https://snl.no/Paragraf_213_-_seksuell_omgang_mellom_menn_som_straffbart_forhold).

<sup>88</sup> Berge 2021.

Med samme Straf ansees den, som har utugtig Omgjængelse med Dyr, eller som medvirker dertil.<sup>89</sup>

Såkalla utuktig omgjængelse mellom to menn vart altså i denne lova samstilt med utuktig omgjængelse mellom menneske og dyr. Justisdepartementet uttalte i forarbeidet med opphevelsen av lova at §213 hadde vore svært sjelden anvendt i praksis i åra opp mot 1970-talet, og dermed omtrent fungert som ein «sovande» lov.<sup>90</sup> Sjølv om lova var sovande var det ein viktig seier for Friele og resten av homobevegelsen, og fjerninga av §213 vart berre første steg på veg mot fleire rettigheter for dei homofile.

I 1981 vedtok Stortinget ei lov som spelte vidare på fjerninga av §213 – det vart innført kriminalisering av grovt krenkande ytringar ovanfor personar eller grupper på bakgrunn av deiras homofile legning, leveform eller orientering.<sup>91</sup> I løpet av ein tiårsperiode gjekk dei norske lovane frå å sjå på homofili som like ille som dyresex, til å forby krenkande ytringar ovanfor denne gruppa. Kim Friele og resten av Det Norske Forbundet av 1948 markerte seg som viktige bidragsytarar for desse seierane.

I 1993 kom det nok ein stor milepæl for homofiles rettigheter. Der kor Noreg hadde vore blant dei siste i Vest-Europa til å avkriminalisere sex mellom to menn i 1972, vart landet i 1993 det andre landet i verda som innførte partnerskapslova etter Danmark.<sup>92</sup> Det skal seiast at lovendringa hadde knappast mulig fleirtal og at både politikarar og samfunnet ellers var svært delt i saka. Partnerskapslova ga homofile og lesbiske par rett til å registrere sitt samliv. Dei fekk same rettsvirkningane som eit ekteskap, med unntak på nokre få punkt – dei fekk ikkje adoptera, nytta seg av assistert befruktning eller gjennomgå religiøs vigslé.<sup>93</sup> Den politiske kampen haldt fram og då særleg på dei punkta som partnerskapslova hadde som unntak. Homofile og lesbiske ynskja likestilling når det kom til barne- og ekteskaps spørsmålet, og i 2002 kom det første politiske gjennombrøtet på dette området. Frå og med 1. januar 2002 kunne ein partner i eit forhold adoptera den andre partens barn – såkalla stebarnsadoptsjon. Ytterligere 7 år skulle gå før homofile og lesbiske par skulle få dei resterande rettighetane dei ikkje hadde fått i 1993. 1. januar 2009 vart den kjønnsnøytrale ekteskapsloven iverksatt og

---

<sup>89</sup> Tveter 2019.

<sup>90</sup> Tveter 2019.

<sup>91</sup> Tveter 2019.

<sup>92</sup> Jordåen, R. & Berge, B. (2018, 13. november). *Ein kort innføring i norsk skeiv historie på 1900-talet*. Bufdir. [https://www.bufdir.no/lhbt/LHBT\\_og\\_levekar\\_Hva\\_sier\\_forskningen/Ein\\_kort\\_intro\\_til\\_norsk\\_skeiv\\_historie\\_pa\\_1900\\_talet/](https://www.bufdir.no/lhbt/LHBT_og_levekar_Hva_sier_forskningen/Ein_kort_intro_til_norsk_skeiv_historie_pa_1900_talet/).

<sup>93</sup> Jordåen & Berge 2018.

gjennom dette fekk nå homofile og lesbiske par mulighet for ekteskap og adopsjon, samt at lesbiske kvinner fekk mulighet for assistert befruktning.<sup>94</sup>

I november 1992 slo Det Norske Forbundet av 1948 seg saman med Fellesrådet for homofile organisasjonar og danna Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjering (LLH). LLH skifta i 2016 navn til FRI – Foreningen for kjønns- og seksualitetsmangfold. Navnebyttet i 2016 indikerte kanskje eit skifte i fokus for foreninga. Der kor det i 1992 var mange rettigheter dei homofile ikkje hadde, som adopsjon og giftemål, og kampen for ei frigjering frå restriksjonane dei levde med sto i fokus, er det etter 2016 færre restriksjonar og mindre frigjering som må til. Mangfold, og aksept av dette mangfoldet, er truleg kampane som nå kjempes. Ein serie med landsdekkande undersøkingar gjennomført på 2000-talet viser at haldningane til skeive gradvis blir betre, men også at det framleis er ein del negative haldningar i samfunnet. I den første undersøkinga gjennomført i 2008 hadde 20 prosent av dei spurte negative haldningar til bifile menn, 14 prosent var negative til bifile kvinner, 16 prosent til homofile menn og 10 prosent hadde negative haldningar til lesbiske. Haldningane betra seg betraktelig til den same undersøkinga gjennomført i 2013, og i 2017 var dei negative haldningane i alle dei nevnte kategoriane under 10 prosent. Berre 7,8 prosent var negative til homofile menn i 2017 og ein ser altså ei halvering sidan 2008. Den betraktelige nedgangen mellom 2008 og 2013 kan truleg sjåast i samanheng med dei betra rettighetane til homofile og lesbiske gjennomført i årsskiftet 2008-2009. Undersøkingane viser også nedgang i andelen som synes sex mellom to menn er feil, men andelen i 2017 er her på heile 20 prosent.<sup>95</sup> Ein ser altså at ved generelle spørsmål om seksuell legning har folk meir aksept ovanfor homofile enn om dei får meir spesifikke spørsmål knytta til utførelsen av dei seksuelle legningane. Korleis utvikla så haldningane til homofili seg frå tida før det vart avkriminalisert og fram til 2000-talet?

Ei undersøking gjennomført av Arnold Havelin på vegne av Norsk Gallup frå 1967, fem år før avkriminalisering, viser at:

Man er stort sett villig til å akseptere den homofile som medborger og synes ikke at homoseksuelle forhold mellom voksne bør være straffbare, under forutsetning av at

---

<sup>94</sup> Jordåen & Berge 2018.

<sup>95</sup> Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet 2021.

den homofile i sitt privatliv opptrer som om vedkommende ikke er homofil og ikke omtaler sin legning eller har noe seksualliv.<sup>96</sup>

Undersøkinga hans viser at 72 prosent av mennene og 81 prosent av kvinnene meinte at homoseksuelle må gjera alt dei kan for å «bekjempe sine tilbøyeligheter», og at berre 19 prosent av mennene og 31 prosent av kvinnene meinte det alltid var uriktig at ugifte, heteroseksuelle personar hadde seksuell omgang.<sup>97</sup> Det var ingen store spørreundersøkingar gjennom 1970-talet, og ikkje før i 1983 kom den neste store spørreundersøkinga angående dette temaet, denne gong i regi av Scan-Fact og Bjørn Talén. Berre 33 prosent av dei spurte svarte at dei homoseksuelle måtte gjera alt dei kunne for å bekjempe sine tilbøyeligheter – ein nedgong på omtrent 40-50 prosent frå 1967.<sup>98</sup> Også på andre punkter hadde haldningane hatt ei positiv kurve – 79 prosent ville akseptere ein homofil kollega i 1983 kontra 65 prosent i 1967, 69 prosent ville ikkje sei opp ein homofil leigebruar i 1983 kontra 44 prosent i 1967 og 71 prosent ville ikkje bryte kontakten med ein homofil bekjent i 1983 kontra 42 prosent i 1967.<sup>99</sup> Trenden er svakt positiv i ei liknande spørreundersøking i 1988, men det var berre omtrent 21 prosent som meinte at homofili burde anerkjennes som ein likeverdig livsform, så sjølv om mange aksepterte at homofile fantes anerkjente eit fåtall av desse homofili som livsform.

Når det kjem til haldninga folk hadde til homofile og lesbisk rett til å adoptera barn ser ein ei stor endring frå ei undersøking gjort av Scan-Fact i 1992 og ei undersøking gjennomført av MMI i 1998. Rundt ti prosent meinte det var greit i 1992 mot 25 prosent i 1998.<sup>100</sup> Dette seier også litt om den positive utviklinga i haldninga til homofile.

Jevnt over har haldninga til homofile betra seg blant befolkninga sidan slutten av 1960-talet og til i dag. Andelen som synes det er greit med homofile og homofili er betraktelig høgare i dag enn for 50 år sidan, og ein ser også at haldninga på spesifikke områder som rett til barn auka sterkt i ein periode kor dette var på dagsorden.

---

<sup>96</sup> Havelin, A. (1968). Almenhetens holdninger til homofile og homoseksualitet. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 9, 42–74: 71.

<sup>97</sup> Havelin 1968: 66 & 69.

<sup>98</sup> Hegna, K., Kristiansen, H.W & Moseng, B.U. (1999). *Levekår og livskvalitet blant lesbiske kvinner og homofile menn* (NOVA Rapport 1/1999). Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring: 34.

<sup>99</sup> Hegna, Kristiansen & Moseng 1999: 34.

<sup>100</sup> Hegna, Kristiansen & Moseng 1999: 105.

## 3.0 Sentrale punkt i lærebøkene

### 3.1 Sentrale punkt i lærebøkene gjeldande før Mønsterplan 1974

Bøkene innlemma i perioden før Mønsterplanen for 1974 kom er *Helselære for ungdomsskolen* frå Fabritius forlag og *Fysiologi og helselære for ungdomsskolen* frå Gyldendal forlag. Dei kom ut i henholdsvis 1969 og 1970. Desse to bøkene er innlemma i denne oppgåva for å sjå på korleis seksualitet og seksuell legning vart omtalt før homofili vart gjort lovleg gjennom norsk lov i 1972. Begge bøkene går veldig systematisk og oppskriftsmessig gjennom kroppens ulike delar og funksjonar. Av bøkene samla antall sider på 287 er det totalt atten sider som kan knyttes til kroppens seksualitet, og kapittelnavna på desse sidene er *Menneskets forplantning* og *Forplantningen*. Som titlane beskriv handlar store deler av begge bøkene kapittel om prosessen rundt menneskets forplantning – korleis kjønnsorgana er bygd opp, kva som skjer under forplantninga på mikrodetaljnivå, og kva som skjer undervegs i ein graviditet. I tillegg til dette fokuset på biologien i forplantningsprosessen har begge bøkene ei knapp side kvar om kjønnsmodninga som skjer i puberteten. I samband med denne tematikken presenterer Ellen Rossavik og Kåre Rodahl i *Fysiologi og helselære for ungdomsskolen* kjærleiksfølelsar:

Både gutter og jenter begynner å interessere seg for det annet kjønn på en ny måte. Det er kjønnsdriften som våkner for alvor... Det er heller ikke uvanlig at to individer av samme kjønn føler seg sterkt tiltrukket av hverandre. Det hender at tiltrekningen til samme kjønn blir varig, og ikke forsvinner når guttene eller jentene blir voksne. Vi kaller da en slik seksuell tiltrekning og omgang mellom to mennesker av samme kjønn for homoseksualitet.<sup>101</sup>

Denne omtalen er den einaste om homofili i dei to bøkene og vidare omtale om legning eller samleie av noko form i desse bøkene er utelukkande knytta til heterofili.

---

<sup>101</sup> Rossavik, E. & Rodahl, K. (1970). *Fysiologi og helselære for ungdomsskolen*. Gyldendal: 115.

### 3.2 Sentrale punkt i lærebøkene gjeldande under M74

Av bøker innlemma i denne perioden er det *Kropp og helse* (1975) frå Aschehoug forlag, *Helse, samfunn og miljø – helselære for ungdomstrinnet* (1978) frå Fabritius Forlagshus, *Forsøk og fakta biologi 7* (1983) og *Forsøk og fakta biologi 9* (1985) frå NKS-forlaget, samt *Vi utforsker naturen – biologi for 7. årstrinn* (1980), *Vi utforsker naturen – biologi for 8. årstrinn* (1981) og *Vi utforsker naturen – biologi for 9. årstrinn* (1982) – alle frå Cappelen forlag.

I dei to første bøkene er det henholdsvis ti av 134 sider og sytten av 212 sider som kan koplast opp mot seksualitet. Det er hovudsakleg snakk om forplantning, kjønnsmodning og gangen i ein graviditet på mange av desse sidene – hovudtrekk som også blir trukken fram i M74. I begge bøkene er det einaste som blir skriven om samleie at penis er bygd opp slik at den kan vokse og bli stiv, og dermed kan føres inn i «kvinnens forplantningsorgan, og tømme ut sæden der», som det står i Trond Johannessen og Odd Vellårs bok frå Fabritius.<sup>102</sup>

Dei to bøkene omtalar også puberteten på om lag ei side kvar. Olav Bjørgum skriv i *Kropp og helse* om korleis kroppen utviklar seg i puberteten – både fysisk og psykisk – men ingenting av det han skriv handlar om forelskelse, seksualitet eller seksuell legning. *Helse, samfunn og miljø – helselære for ungdomstrinnet* har også ein del om korleis kroppen utviklar seg fysisk og psykisk, men dei har også innlemma ein setning om forelskelse – «Snart kommer den første forelskelsen, som i dypere forstand er behovet for kontakt med et individ av det annet kjønn».<sup>103</sup>

Avslutningsvis i *Helse, samfunn og miljø – helselære for ungdomstrinnet* står det om kjønnsjukdommar, og her kjem den første og einaste omtalen om homofili i desse to bøkene – «En mindre vanlig form for gonoré hos menn er infeksjon i endetarmen. Det er særlig homofile menn som blir smittet».<sup>104</sup>

Dei tre *Vi utforsker naturen*-bøkene frå Cappelen forlag er alle skriven av Thorleif Brode og Sverre Østmo-Sæter. Bøkene tar for seg ulike delar av seksualitet. 7. klasse-boka tar for seg

---

<sup>102</sup> Johannessen T. & Vellar, O. (1978). *Helse, Samfunn, Miljø – Helselære for ungdomstrinnet*. Fabritius Forlagshus: 121.

<sup>103</sup> Johanessen & Vellar 1978: 125.

<sup>104</sup> Johanessen & Vellar 1978: 136.

puberteten over ni av 100 sider. Ereksjon blir omtalt over nokre få setningar som noko som gir mannen mulighet til å «nå gjennomføre et samleie».<sup>105</sup>

«Når vi er blitt voksne, er det naturlig at en mann og en kvinne som er glad i hverandre, tilfredsstiller kjønnsdriften sin ved å ha samleie».<sup>106</sup> Utanom denne setningen er det lite omtale om seksualitet, men mann/kvinne-forholdet blir omtalt ved eit seinare høve i forbindelse med reinslighet nedentil: «Gode vaner på dette området er særlig viktig i samlivet mellom mann og kvinne. Ved samleie kan dårlig reinslighet hos mannen føre til underlivssykdommer hos kvinnen».<sup>107</sup>

8. klasse-boka startar med at tenårene er ei brytningstid og at «Gutter og jenter kan ha problemer med seg selv, med kameratflokk, med sitt forhold til det motsatte kjønn...».<sup>108</sup> Seinare i kapittelet står det at «En gutt tror lett at andre i gjengen har mye mer erfaring med jenter enn han selv har» og at «Også jentene er ofte uvitende om hva slags erfaringer venninnene har med gutter».<sup>109</sup> Det er ingenting i dette kapittelet, *Å være ung*, som tel åtte sider, som omhandlar anna seksuell legning enn den heterofile. Det er hovudsakleg prevensjonsmiddel og det å unngå å bli gravid i ung alder som blir omtalt.

Det første møtet med omtale av homofili i Cappelen forlag sine *Vi utforsker naturen*-bøker er i 9. klasse-boka. Her er det eit kapittel om samliv og ansvar, som er eit svært flyktig kapittel som tar for seg alt frå korleis ulike dyr tar vare på avkomma sine til arbeidervernloven og førstehjelp. Inni desse ni sidene kapittelet består av er det ei halv side sett av til «seksuelle adferdsnormer» og her står det:

De fleste mennesker føler seg tiltrukket av det annet kjønn, de er heterofile. Noen føler seg tiltrukket av begge kjønn, de er bifile. Mennesker som føler seg tiltrukket av samme kjønn, er homofile. Seksuell adferd og forplantning hører naturlig sammen. Seksualitet har også en sosial side, hvor nærhet og omsorg for hverandre spiller en viktig rolle. Slike følelser er like vanlig blant homofile som heterofile. Det finnes også andre seksuelle adferdsformer enn de som er nevnt her. Det er viktig at vi ikke

---

<sup>105</sup> Brode, T. & Østmo-Sæter, S. (1980). *Vi utforsker naturen, biologi for 7. årstrinn*. J.W. Cappelen: 58.

<sup>106</sup> Brode & Østmo-Sæter 1980: 59.

<sup>107</sup> Brode & Østmo-Sæter 1980: 60.

<sup>108</sup> Brode, T. & Østmo-Sæter, S. (1981). *Vi utforsker naturen, biologi for 8. årstrinn*. J.W. Cappelen: 72.

<sup>109</sup> Brode & Østmo-Sæter 1981: 74.



fordømmer dem som er annerledes enn oss selv på det seksuelle området, men med en viktig unntagelse: Seksuell adferd som skader andre, kan ikke godtas.<sup>110</sup>

I *Forsøk og fakta*-serien frå NKS-forlaget, begge skriven av Jan Tanggard i samarbeid med Oddvar Korsgaarden, Tore Lagesen og Ivar Seim, startar kapitla om *Seksuallivet* med bilete av eit eller to heterofile par som klemmer. I 7. klasse-boka står det attpåtil på første side at «Ungdom i puberteten er både blyge og nyfikne andsynes det motsette kjønnet, men samstundes er dei redde for å engasjere seg i svermeri og bli forelska». Dei to bøkene har meir eller mindre innslag av kva som skjer med kroppen under puberteten, og korleis dette påverkar muligheten for å bli gravid gjennom samleie. Det er også fleire sider med korleis unngå å bli gravid gjennom bruk av prevensjon, gangen i ein graviditet, abort og sjølve fødselen. Kapitla inneheld i stor grad det same som dei tidlegare nevnte bøkene. 7. klasse-boka inneheld ei side om «seksualdrifta» og 9. klasse-boka inneheld to sider om «samleie». Begge kapitla har følgande setning «Samleie er den mest intime og personlege måten ein mann og ei kvinne kan vere saman på».<sup>111</sup> Vidare blir eit mann/kvinne-samleie eller relasjon beskrive på ulike måtar. Blant anna står det i 9. klasse-boka at «Når en mann og en kvinne skal gjennomføre sitt første samleie, kjenner de seg ofte nervøse og usikre», og at «et samleie kan resultere i at jenta blir gravid, og at gutten og jenta kanskje mot sin vilje blir foreldre».<sup>112</sup> Det står ingenting om verken homofil legning eller om homofilt samleie.

Sjukdommen aids blir omtalt under *Kjønns sykdommer*-kapittelet, og det blir lagt fram at det er særleg blant homofile menn denne sjukdommen finnes.<sup>113</sup> Avslutningsvis i *Ordforklarings-* delen av 9. klasse-boka står det forklart kva homofili er, men ikkje kva heterofili er. «Homofili er det samme som homoseksualitet, det vil si kjønnsdrift som er rettet mot personer av samme kjønn som en selv».<sup>114</sup>

Totalt i desse sju bøkene som var gjeldande i perioden Mønsterplan 1974 var aktiv er det svært lite omtale av seksualitet som noko anna enn ein form for graviditetsaktivitet, og særleg lite om alternative seksuelle legningar anna enn den klassiske heterofile. Omtalane av skeiv

---

<sup>110</sup> Brode, T. & Østmo-Sæter, S. (1982). *Vi utforsker naturen, biologi for 9. årstrinn*. J.W. Cappelen: 57.

<sup>111</sup> Tanggard, J. (1983). *Forsøk og fakta, biologi 7*. NKS-forlaget: 81 & Tanggard, J. (1985). *Forsøk og fakta, biologi 9*. NKS-forlaget: 132.

<sup>112</sup> Tanggard 1985: 133.

<sup>113</sup> Tanggard 1985: 148.

<sup>114</sup> Tanggard 1985: 151.

seksualitet går i hovudsak ut på at homofile er eksponert for kjønnsjukdommar som gonoreé og aids samt gi ein beskrivelse av kva det vil seie å vera homofil eller bifil.

### 3.3 Sentrale punkt i lærebøkene gjeldande under M87

I denne perioden har oppgåva inkludert sju bøker – *Forsøk og fakta 7 – naturfag for ungdomstrinnet* (1987) og *Forsøk og fakta 9 – naturfag for ungdomssteget* (1989) frå NKS-forlaget, *Mangfold og samspill* (1988), *Livsstil og helse* (1990) og *Arv og utvikling* (1991) frå Cappelen forlag, samt *Naturfag 7* (1992) og *Naturfag 8* (1992) frå Gyldendal Norsk Forlag. Bøkene frå NKS-forlaget blir gjennomgått først, deretter Cappelen forlag og avslutningsvis Gyldendal Norsk Forlag.

Bileta som var i starten av *Seksuallivet*-kapittelet i NKS-forlaget sine *Forsøk og fakta*-bøker frå 1983 og 1985 er til stades også i bøkene frå 1987 og 1989. Det er i det heile tatt svært mykje likt å spore mellom dei ulike bøkene, sjølv om Jan Tanggard har fått med seg Jan Erik Gulbrandsen på forfattersida. Den same formuleringa når det kjem til samleie eksisterer i både 1987-boka og 1989-boka; «Samleie er den mest intime og personlege måten mann og kvinne kan vere saman på». <sup>115</sup> Dei vidare sitata som er nevnt i forrige delkapittel om NKS-forlaget sine bøker står også her. Det nye i 7. klasse-boka er at det står at:

Det er gjort en del undersøkelser om forholdet mellom jenter og gutter. Det viser seg at noen er veldig forelsket mange ganger i ung alder, mens andre ikke blir forelsket før de blir noe eldre. Noen har samleie tidlig, mens andre venter med dette til de har fått en fast venn eller til de har giftet seg.

Vidare står det «Noen mener kjærlighet er det samme som sex. Noe riktig er det i det. Seksuelt samliv er en del av kjærligheten mellom mann og kvinne. Men kjærligheten er mye mer enn seksualitet». <sup>116</sup> Dette siste sitatet er også å finne i 1983-utgåva av denne boka.

Det einaste som er særleg nytt i NKS-forlaget sine to bøker etter M87 vart innført er omtalen av aids. Det er sett av fire sider til sjukdommen i 9. klasse-boka, og allereie på første side kjem det fram at det er «personar som er sprøytenarkomane eller homofile, eller personar som har mange sex-partnarar» som er dei mest utsette for hiv-smitte. <sup>117</sup> På siste side blir det

---

<sup>115</sup> Gulbrandsen, J.E. & Tanggard, J. (1987). *Forsøk og fakta 7 – Naturfag for ungdomstrinnet*. NKS-forlaget: 247 og Gulbrandsen, J.E. & Tanggard, J. (1989). *Forsøk og fakta 9 – Naturfag for ungdomssteget*. NKS-forlaget: 148.

<sup>116</sup> Gulbrandsen & Tanggard 1987: 249.

<sup>117</sup> Gulbrandsen & Tanggard 1989: 167.

presentert ein graf som viser at 43% av dei smitta i 1987 var homoseksuelle menn.<sup>118</sup> Også i denne boka blir ordet homofili forklart i ordforklaringskapittelet, på same måte som i 1985-boka. I stikkordsregisteret blir begrepet homofile henvist til sida om aids.

Cappelen forlag har tre bøker på ungdomsskolen, kor alle strekk seg over dei tre åra ungdomsskolen varar. Dei tre bøkene har alle same forfattarkollegie – Anders Isnes, Terje Kristensen, Kersti Svelle og Bjørg Tysdahl, noko som gjer at bøkene komplementerer kvarandre. *Mangfold og samspill* har eit kapittel kalla *Snart voksen* på atten sider som tar for seg kjønnsroller, kva som skjer med kroppen under puberteten, korleis dei ulike kjønnsorganer er bygd opp og funksjonen deiras, samt ulike aspekt ved graviditet, som til dømes gangen i ein graviditet, bruk av prevensjon og abort. Som følge av graviditetstematikken blir formuleringar som «Under eit samleie blir mange millioner sædceller tømte ut øverst i kvinnens skjede når mannen får utløsning» presentert.<sup>119</sup> Utanom denne formuleringa er det ingenting meir om seksualitet – det er berre beskrive praktisk korleis ei eggcelle blir befrukta av ei sædcelle. Det er dog ei setning om forelskelse som omtalar den heterofile legninga: «Forholdet mellom en jente og en gutt kan være både fint og vanskelig».<sup>120</sup>

Den andre boka i Cappelen forlag sin serie om naturfag på ungdomsskolen, *Livsstil og helse*, omtalar hiv og aids i eit eige kapittel, og dette kapittelet er det einaste av totalt sju kapittel i denne boka som kan knyttes opp mot seksualitet og seksuell legning. Kapittelet, på seks sider, omtalar i stor grad gangen i aids, korleis ein blir smitta, behandling og haldningar. Boka trekk fram ein beskrivelse av aids henta frå eit leksikon frå 1984 kor følgande setning er inkludert: «Det antas at AIDS overføres ved seksuell kontakt, oftest mellom homofile». Vidare på sida presenterer boka ein tabell over kven og kor mange som har registrert smitte totalt, og kven og kor mange som har registrert smitte i 1990. Tabellen viser, som leksikonet sa, at homoseksuelle står for flest smitta totalt med 38,6%, tett etterfulgt av sprøytemisbrukarar med 32,2% og med heteroseksuell praksis på tredjeplass med 20,4%. Talla er dog svært annerledes i 1990 med 35,2% homoseksuelle, berre 21,1% gjennom sprøytemisbruk og heile 33,8% gjennom heteroseksuell praksis.<sup>121</sup> Vidare står det ingenting meir om legning.

---

<sup>118</sup> Gulbrandsen & Tanggard 1989: 170.

<sup>119</sup> Isnes, A., Kristensen, T., Svelle, K. & Tysdahl, B. (1988). *Mangfold og samspill – Naturfag 7-9*. J.W. Cappelen: 144.

<sup>120</sup> Isnes, Kristensen, Svelle & Tysdahl 1988: 135.

<sup>121</sup> Isnes, A., Kristensen, T., Svelle, K. & Tysdahl, B. (1990). *Livsstil og helse – Naturfag 7-9*. J.W. Cappelen: 127.

Dei første elleve sidene av kapittelet *Nytt liv* i den siste boka frå Cappelen forlag, *Arv og utvikling*, handlar om graviditet. Dei neste seks sidene handlar om samliv og samleie. «To mennesker som er glad i hverandre, blir knyttet tettere sammen ved samleiet», står det innledningsvis.<sup>122</sup> Vidare står det dog «Guttene vil gjerne stå fram som verdensmestere med mange «nedlagte» jenter». I mange miljøer gir det status å være den som stadig «fikser» jenter».<sup>123</sup> På dei påfølgande tre sidene står det om sjølve samleiet. Her blir både mannen og kvinnas side av eit samleie presentert og formuleringar som «Det første samleiet kan også gjøre vondt for både mannen og kvinnen fordi kvinnen har en jomfruhinne, dyd, som delvis dekker skjedeåpningen» og «Under selve samleiet blir penis ført inn i skjeden» fremjer heterofilt samleie som det dei skriv om.<sup>124</sup>

Det neste underkapittelet til *Arv og utvikling* heiter *Glad i en av samme kjønn* og omhandlar homofili. Det byrjar med eit sitat av Sokrates om at «En voksen manns kjærlighet til en ung mann er den vakreste og skjønneste kjærligheten», og held fram med ein liten historietime om korleis homofili vart sett på «i det gamle Hellas».<sup>125</sup> Vidare skriv Isnes, Kristensen, Svelle og Tysdahl at «Homofili omfatter ikke bare selve seksualdriften, men også ømhet, nærhet, kjærlighet og følelser slik vi beskriver et kjærlighetsforhold mellom mann og kvinne», etterfulgt av ei definering av kva det vil seie å vere heterofil, homofil, bifil, lesbisk og transvestitt.<sup>126</sup> Etter dette blir underkapittelet meir flyktig og eit avsnitt går sånn her:

I Norge regner vi med at det er omtrent 200 000 homofile mennesker. De fleste forteller ikke om sin homofili, men velger å leve som skjult homofil eller i et heterofilt forhold. Det norske forbundet av 1948 er en interesseorganisasjon for homofile i Norge.<sup>127</sup>

Det blir også trukke fram at homoseksuelle handlingar har vore straffbart, at mange trur at homofile er kriminelle eller seksuelt farligare enn heterofile, men at dette er feil, og at homofili har blitt sett på som ein sjukdom og noko ein ikkje har kunnskap om kvifor folk «blir».<sup>128</sup> Totalt er underkapittelet *Glad i en av samme kjønn* på litt over ei side, og er det

---

<sup>122</sup> Isnes, A., Kristensen, T., Svelle, K. & Tysdahl, B. (1991). *Arv og utvikling – Naturfag 7-9*. J.W. Cappelen: 55.

<sup>123</sup> Isnes, Kristensen, Svelle & Tysdahl 1991: 55-56.

<sup>124</sup> Isnes, Kristensen, Svelle & Tysdahl 1991: 57.

<sup>125</sup> Isnes, Kristensen, Svelle & Tysdahl 1991: 59.

<sup>126</sup> Isnes, Kristensen, Svelle & Tysdahl 1991: 59.

<sup>127</sup> Isnes, Kristensen, Svelle & Tysdahl 1991: 59.

<sup>128</sup> Isnes, Kristensen, Svelle & Tysdahl 1991: 59-60.

einaste som omhandlar noko om seksuell legning på ein anna måte enn gjennom heterofil graviditetssamleie. I stikkordsregisteret står både heterofili og homofili oppført.<sup>129</sup>

Gyldendal, med forfattarane Bjørn Gjefsen, Steinar Myhr og Arne Mæhle, sine to bøker *Naturfag 7* og *Naturfag 8* har svært ulik mengde om seksualitet. 8. klasse-boka har åtte sider om det å få barn og ulike prevensjonsmiddel. I denne boka står det i forbindelse med denne tematikken «Det skjer under samleiet, som kanskje er det næraste en mann og en kvinne kan komme hverandre» og «Ethvert samleie kan føre til befruktning og til at kvinnen blir gravid».<sup>130</sup> Utanom dette står det litt om prosessen som gjer nokon gravid, men ingenting om seksuell legning. I *Naturfag 7* står det heller ingenting om seksuell legning. Det er dog to sider totalt i heile boka med underoverskrift «Du eier seksualiteten din» kor det blant anna står:

En viktig del av det å bli voksen er å bli trygg på seksualiteten sin og lære å mestre den. Dette tar tid... Husk at du eier deg selv. Derfor har ingen, verken voksne, venner eller kjærester, rett til å presse deg til seksuelle handlinger.<sup>131</sup>

På desse to sidene står det ingenting om samleie mellom hverken gutt/gutt, jente/jente eller gutt/jente – tonen i teksten er svært nøytral. Det er dog avbilda ei jente og ein gutt som skal til å kysse.

### 3.4 Sentrale punkt i lærebøkene gjeldande under L97

I denne tidsperioden er det inkludert fire bøker frå fire ulike forlag. Dei er *Natur- og miljøfag 8. klasse* (1997) frå Gyldendal, *Helix 10* (1999) frå Cappelen, *Tellus 10* (1999) frå Aschehoug og *Forsøk og fakta 10* (1999) frå NKS-forlaget.

*Natur- og miljøfag 8. klasse* av Bjørn Gjefsen, Steinar Myhr og Arne Mæhle, er den boka som omtalar seksualitet og seksuell legning desidert minst av desse fire – berre eit kapittel, *Pubertet og seksualitet*, på ni sider har noko med tematikken å gjera. Av desse ni sidene er det ei halv side med underoverskrift *Seksualiteten din*. Her står det «De fleste blir opptatt av det

---

<sup>129</sup> Isnes, Kristensen, Svelle & Tysdahl 1991: 126.

<sup>130</sup> Gjefsen, B., Myhr, S. & Mæhle, A. (1992). *Naturfag 7*. Gyldendal: 207.

<sup>131</sup> Gjefsen, B., Myhr, S. & Mæhle, A. (1992). *Naturfag 8*. Gyldendal: 91.

motsatte kjønn. Det kalles heterofili. Andre tiltrekkes av personer av samme kjønn. Det kalles homofili». <sup>132</sup> Ellers består kapittelet om kva som skjer i puberteten og dei ulike kjønnsorgana.

Dei første 20 sidene i kapittelet *Vi lever i samspel med kvarandre* i *Helix 10* handlar om kjønnsorgana, graviditet, prevensjon og seksuelt overførbare sjukdommar. Delen om hiv-viruset handlar i denne boka ingenting om at det er homoseksuelle som er mest utsatt. Etter dei første 20 sidene kjem det sju sider om *Forelsking, kjærleik og sex*, som tar for seg seksualitet og seksuell legning. Her står det blant anna «Forholdet mellom ei jente og ein gut kan vere både fint og vanskeleg», «Etter kvart får vi lyst til å utforske kroppane til kvarandre. På dette området kan det vere store skilnader på kor langt jenter og gutar ønskjer å gå» samt ei henvisning til Bibelen og Paulus' første brev til korintarane, 13,4-7, «Kjærlighet...et ord med variert innhold som oftest brukes om sanselige forhold mellom mann og kvinne, om forhold mellom familiemedlemer, eller om en egenskap ved Gud». <sup>133</sup> Strofa om at «Gutane vil gjerne stå fram som verdsmeistrar med mange «nedlagde» jenter» er også tilstades i denne boka, i likhet med nokre av dei tidlegare bøkene. <sup>134</sup> Om sexpress skriv dei at «Vi blir utsette for sexpress når vi blir pressa til eit seksuelt samkvem utan at vi egentleg vil det, til dømes når ein gut pressar ei jente til samleie», og legg ved ei oppgåve kor ein gut pressar ei jente til samleie. <sup>135</sup> Etter dette kjem det eit underkapittel med navnet *Homofile er forelska i ein av same kjønn* og innhaldet og lengda av dette kapittelet er så og seia identisk med kapittelet *Glad i en av samme kjønn* i *Arv og utvikling*-boka frå Cappelen utgitt i 1991 av dei same forfattarane. Heterofil, homofil og lesbisk blir beskrive også i ordforklaringsbolken av boka. <sup>136</sup>

Dei første sytten sidene i *Tellus 10*, skriven av Per Roar Ekeland, Odd-Ivar Johansen, Odd Rygh og Siri Busengdal Strand, handlar om kjønnsorgana, graviditet, prevensjon og seksuelt overførbare sjukdommar, akkurat same oppbygning som *Helix 10*. Dei neste sytten sidene handlar om forelskelse, kjærlighet, seksualitet og seksuell legning.

---

<sup>132</sup> Gjefsen, B., Myhr, S. & Mæhle, A. (1997). *Natur- og miljøfag, 8. klasse*. Gyldendal: 219.

<sup>133</sup> Isnes, A., Kristensen, T., Svelle, K. & Tysdahl, B. (1999). *Helix 10*. J.W. Cappelen: 165.

<sup>134</sup> Isnes, Kristensen, Tysdahl & Østtveit 1999: 167.

<sup>135</sup> Isnes, Kristensen, Tysdahl & Østtveit 1999: 168.

<sup>136</sup> Isnes, Kristensen, Tysdahl & Østtveit 1999: 345-347.

I ungdomstiden vokser seksualiteten vår og blir en enda viktigere del av oss...Både blant gutter og jenter er det mange som gjør de første samlende seksuelle erfaringene med en god venn av samme kjønn som en selv. Det er som regel ingen sammenheng mellom å ha slike seksuelle erfaringer i ungdomstiden og det å være homofil. Det er mer et uttrykk for at vi begynner å bli oppmerksomme på den seksuelle nytelsen det gir oss å bli tatt på av andre, og at det tidlig i ungdomsårene kan være lettest å oppnå dette med en nær venn av samme kjønn. Etter hvert opplever de fleste av oss forelskelser og det å få en kjæreste – mange av motsatt kjønn og noen av samme kjønn.<sup>137</sup>

På dei påfølgande fire sidene blir onani, orgasme, sex uten samleie og samleie omtalt. Det står ikkje med spesifikt heterofilt forteikn, men fire bilete på desse fire sidene inneheld ein gut og ei jente i ulike romantiske situasjonar. *Homofili – kjæreste med en av samme kjønn* er eit underkapittel på to og ei halv side som tar for seg den homofile legninga. Den første ei og ei halv sida går i hovudsak med på å definere kva homofili, lesbiske, heterofil og bifil er, opplyse om at det er rundt 3-5% av befolkninga som er homofile, samt drøfte rundt kvifor nokon er homofile.

Noen mener at homofili er medfødt (biologisk), mens andre mener at denne seksuelle legningen er tillært gjennom andre mennesker og den oppveksten som den homofile har hatt. Denne diskusjonen om «arv eller miljø» er altså ikke avgjort, og vil kanskje aldri bli det heller.<sup>138</sup>

Vidare står det at dette ikkje er så viktig egentlig, for dei homofile skal «selvfølgelig behandles med samme respekt og på samme måte som heterofile».<sup>139</sup> Den siste sida om homofili i denne boka handlar om korleis det er å leve som homofil, og Ekeland, Johansen, Rygh og Strand har særleg fokus på at det kan vera vanskelig å erkjenne at ein er annerledes enn andre, og at dette kan føre til at homofile skjuler si legning eller at dei blir hardhuda og blir meir sjølvstendige og sterke som menneske av motstanden dei møter. Avslutningsvis skriv dei at åpenheten rundt homofili har auka dei siste åra, og at partnerskapslova frå 1993 har det gjort det enklare for homofile å stå fram.<sup>140</sup>

---

<sup>137</sup> Ekeland, P.R., Johansen, O-I., Rygh, O. & Strand, S.B. (1999). *Tellus 10*. Aschehoug: 229.

<sup>138</sup> Ekeland, Johansen, Rygh & Strand 1999: 235.

<sup>139</sup> Ekeland, Johansen, Rygh & Strand 1999: 235.

<sup>140</sup> Ekeland, Johansen, Rygh & Strand 1999: 236.

Kapittelet i NKS-forlaget si bok *Forsøk og fakta 10* heiter *Kjærleik og seksualitet* og er på 35 sider. Forutan bokforfattarane Jan Erik Gulbrandsen og Jan Tanggard har Inger Johansen bidratt med tekst i dette kapittelet. Den er bygd opp litt annerledes enn dei andre bøkene nevnt i dette delkapittelet – den tar for seg forelsking og seksualitet i starten av kapittelet, og kjønnsorgana, graviditet, prevensjon og kjønnsjukdommar til sist. Det er femten sider om forelsking og seksualitet og 20 sider om dei andre tematikkane. Dei første tre sidene av kjærleiksdelen av kapittelet er satt av til fire ulike historiar om ein gut og ei jente som er eller blir forelska, samt sju bileter av ein gut og ei jente i romantiske omstendigheter. Vidare står det at «mange har vore forelska da dei gjekk i barneskolen, men det er oftast noko anna med forelskinga i ungdomsskolen. For det første byrjar jentene og gutane å sjå mykje meir på kvarandre».<sup>141</sup>

Litt seinare i kapittelet har heterofili fått eit eige lite avsnitt som trekk fram at det «I puberteten er normalt at ein blir tiltrekt og forelska i ein av motsette kjønn».<sup>142</sup> Kontrasten til dette kjem på neste side kor homofili er omtalt på ei halv side – «I puberteten er det nokre som blir lite tiltrekte av det motsette kjønn. Derimot kan dei kjenne seksuell tiltrekking til sitt eige kjønn. Menneske som føler seksuell tiltrekking til det same kjønn, seier vi er homofile».<sup>143</sup> Det blir så påpeikt at det er mange homofile som har hatt problem i tida før dei forsto at dei var homofile, og at det er vanskelig å åpna seg opp for andre om legninga si, men at det i dei seinare åra har vore ein tematikk som har vore meir i offentligheten og dermed også hjelpe mange homofile til å stå fram. Vidare skriv dei at det er usikkert kvifor folk blir homofile. Avslutningsvis står det at:

Mange kjenner seg seksuelt tiltrekte i begge retningar og lurar kanskje på om dei er homofile. Denne kjensla av å vere usikker er ein del av ei normal seksuell utvikling. For dei fleste vender interessa seg etter ei stund heilt til det motsette kjønn.<sup>144</sup>

Resten av kapittelet omtalar berre heterofilt samleie, då under seksuell debut og sexpress.

Under hiv og aids-delen av kjønnsjukdommar står det ingenting eksplisitt om kva for ein risikofaktor som er størst i forbindelse med hiv-smitte, men det er ein graf som viser at heteroseksuell praksis er øverst med 39 tilfeller i 1997, deretter homoseksuell med 30.

---

<sup>141</sup> Gulbrandsen, J.E. & Tanggard, J. (1999). *Forsøk og fakta 10*. NKS-forlaget: 153.

<sup>142</sup> Gulbrandsen & Tanggard 1999: 159.

<sup>143</sup> Gulbrandsen & Tanggard 1999: 160.

<sup>144</sup> Gulbrandsen & Tanggard 1999: 160.



### 3.5 Sentrale punkt i lærebøkene gjeldande under LK06

Av bøker gjeldande mellom LK06 og LK20 har eg inkludert seks ulike bøker. Desse bøkene er *Trigger 8* (2006) frå Damm forlag, *Natur og univers 2* (2007) frå Cappelen forlag, *Trigger 10* (2008) frå Cappelen Damm, *Eureka 9* (2007) frå Gyldendal og *Tellus 10* (2008) frå Aschehoug. Forlaga Cappelen og Damm slo seg saman i 2007, som er grunnen til at *Trigger 10* er utgitt på Cappelen Damm og ikkje berre Damm forlag.

Kapittelet *Kviser, pupper, adamsepler og hormoner* er kapittelet som omtalar seksualitet i boka *Trigger 8* skriven av Hanne S. Finstad, Jørgen Kolderup og Eva C. Jørgensen. Det er på 43 sider, eit antall dei fleste andre kapitla i boka også ligg på. Kapittelet er dog delt opp i mange mindre deler. Del 1 handlar om forelskelse og er på seks sider. Her blir det snakka om forelskelse på ein generell måte, men det blir også trekt fram enkelte setningar om at samleie kan føre til graviditet. I tillegg er det på desse seks sidene tre bilete av heterofile par. Dei tolv neste sidene er om puberteten, før boka presenterer eit delkapittel om sex som omtalar heterofile aspekt ved sex over fire sider. Den første omtalen av homofili kjem under ei underoverskrift kalla *Hva er normalt?*. Denne underoverskrifta tar først for seg to avsnitt om at enkelte begår seksuelle overgrep, men at dette ikkje er bra, og at den seksuelle lågaldren beskytter unge mot voksne.<sup>145</sup> Etter dette kjem eit kort avsnitt med definisjon av kva det vil seie å vera heterofil, etterfulgt av eit kort avsnitt med definisjon av kva det vil seie å vera homofil – «å være homofil betyr at man blir tiltrukket av en som har samme kjønn som en selv». «Om du er heterofil, homofil eller bifil, spiller ingen rolle for hvordan du opplever følelsen av kjærlighet – den kan være stor og ekte hos alle».<sup>146</sup> Etter dette er det eit kort avsnitt om at det ikkje er lett å vera homofil ungdom, og at mange føler seg aleine om å vera homofil samt at dei møter mange fordommer og dumme ytringer om homofili.<sup>147</sup> I sammendraget står det at «Homofile mennesker er helt vanlige mennesker som forelsker seg i mennesker med samme kjønn».<sup>148</sup> Resten av kapittelet handlar om hormon og er ikkje relevant for denne oppgåva.

---

<sup>145</sup> Finstad, H.S., Kolderup, J. & Jørgensen, E.C. (2006). *Trigger 8*. Aschehoug: 371-372.

<sup>146</sup> Finstad, Kolderup & Jørgensen 2006: 372.

<sup>147</sup> Finstad, Kolderup & Jørgensen 2006: 372.

<sup>148</sup> Finstad, Kolderup & Jørgensen 2006: 373.

Boka *Natur og univers* av Kirsten Fiskum og Erik Steineger har eit kapittel om *Sunn seksualitet* på 32 sider. 20 av desse sidene er sett av til prevensjon, kjønnsjukdommar og oppgåver i forbindelse med kapittelet. Resten av sidene er sett av til seksualitet og kropp. Denne boka startar ganske tidleg med omtalen av ulike seksuelle legningar og trekk fram definisjonar av både heterofili, homofili, bifili og transepersonar. Dei skriv også at:

Mange opplever en eller annen gang i løpet av livet å bli tiltrukket av en person av samme kjønn, uten at man er homofil eller bifil av den grunn. Det har i de siste årene blitt mer akseptert å være homofil, bifil eller transeperson.<sup>149</sup>

Etter dette kjem det ei side med utviklinga av homofiles rettigheter i Noreg, og ei side om homofili i eit historisk perspektiv skriven av religionshistorikar Dag Øistein Endsjø. Dei påfølgande seks sidene handlar om det fine og vonde med kjærleik og seksualitet. Det heile blir i stor grad snakka ganske generelt om – det vil sei at dei ikkje omtalar kjærleik og seksualitet som noko som må innehalde ein gut og ei jente. Det er likevel avbilda tre heterofile par i diverse romantiske positurar på desse sidene, og ein finn setningar som:

Felles for alle, uansett hvilket kjønn man blir seksuelt tiltrukket av, er at alle kan bli forelsket og føle seg seksuelt tiltrukket av andre mennesker. Mange er homser, lesber eller transer. Ingen trenger å være ulykkelig eller skamme seg over sin egen seksualitet, for det er ingen definisjon på hva som er normalt.<sup>150</sup>

Denne boka har eit eige kapittel om korleis eit barn blir til.

*Trigger 10* av Hanne S. Finstad og Jørgen Kolderup har eit kapittel på 37 sider om sex kalla *Sex – det å få barn og det å unngå å få barn*. Dei første sju sidene av kapittelet handlar om sex og ulike seksuelle legningar, resten av kapittelet handlar om prevensjon, kjønnsjukdommar og graviditet. Graviditet blir også trukke fram i dei sju første sidene gjennom til dømes «skal vi få barn, er sex den enkleste måten å gjøre det på» og «de fleste unge mennesker har altså lyst på sex, men vil ikke ha barn».<sup>151</sup> *Seksuell orientering* er eit underkapittel over tre sider. «De fleste forelsker seg bare i personer av motsatt kjønn. De er heterofile. Andre er bifile, de forelsker seg i både gutter og jenter, eller de innser at de er homofile og forelsker seg i personer av sitt eget kjønn», står det innledningsvis i dette

---

<sup>149</sup> Fiskum, K. & Steineger, E. (2007). *Natur og univers* 2. J.W. Cappelen: 143.

<sup>150</sup> Fiskum & Steineger 2007: 146.

<sup>151</sup> Finstad, H.S. & Kolderup, J. (2008). *Trigger 10*. Cappelen Damm: 286-287.

underkapittelet.<sup>152</sup> Som i dei andre bøkene analysert mellom LK06 og LK20 fremjar *Trigger 10* at det kan vera vanskelig å komma fram som homofil, då det finnes mange fordommar, men også at samfunnet er i endring til det bedre i haldningane sine rundt homofili.<sup>153</sup> Det er også sett av ei halv side for å omtale transseksuelle og interseksuelle.

I *Tellus 10*, av Per Roar Ekeland, Odd-Ivar Johansen, Siri Busengdal Strand, Odd Rygh og Ann-Beate Hesenget, er kapittelet *Seksualitet – glede og ansvar* er 22 av sidene sett av til puberteten, graviditet, prevensjon og kjønnsjukdommar, medan tolv sider er sett av til forelskelse, seksualitet og seksuell legning. Dei første åtte sidene handlar om generell forelskelse og seksualitet – det er ikkje snakk om verken heterofil eller homofil sex, med eit unntak kor det står at mange gjer dei første seksuelle erfaringane med ein god venn av same kjønn. Vidare forsikrar boka at dette ikkje tyder på at ein er homofil, men at det kan vera tryggare å utforske seksualiteten sin på denne måten.<sup>154</sup> Dei to og ei halv sidene om homofili har svært likt innhald som *Tellus 10* frå 1999. Det einaste nye i 2008-boka er at dei omtalar debatten rundt om homofile skal få muligheten til å bli via – ei lov som vart realisert kort tid etter utgivelsen av boka.<sup>155</sup>

Gyldendal si bok *Eureka 9*, skriven av Merete Hannisdal, John Haugan og Morten Munkvik, har eit kapittel kalla *Puberteten, sex og samliv* som går over sytten sider, kor berre to av sidene handlar om kjærleik og sex. Resten går med til puberteten og prosessar i den fasen. Den første halve sida om kjærleik og sex går inn på tematikken kring ulike legningar. Som i mange av dei andre bøkene blir homofili, heterofili og bifili definert. Boka er også innom ulike milepælar for dei homofiles rettigheter – blant anna lovleggjinga i 1972 og partnerskapslova i 1993.<sup>156</sup> Dette er det einaste som står om homofili. På den påfølgande sida er det ei underoverskrift som handlar om at seksuell stimulering kan føre til orgasme. Dette avsnittet handlar utelukkande om heterofilt samleie og innehar blant anna setningar som «ved samleie fører gutten sin erigerte penis inn i skjeden til jenta», «den første gangen en har samleie, er det ikke sjelden at verken gutten eller jenta får orgasme» og «samleie skal føre

---

<sup>152</sup> Finstad & Kolderup 2008: 289.

<sup>153</sup> Finstad & Kolderup 2008: 290.

<sup>154</sup> Ekeland, P.R., Johansen, O-I., Rygh, O., Strand, S.B. & Hesenget, A-B. (2008). *Tellus 10*. Aschehoug: 49.

<sup>155</sup> Ekeland, Johansen, Strand, Rygh & Hesenget 2008: 57.

<sup>156</sup> Hannisdal, M., Haugan, J. & Munkvik, M. (2007). *Eureka 9*. Gyldendal: 140.

slekten videre».<sup>157</sup> Det er også avbilda eit heterofilt par på same sida. I oppgåvedelen er det eit spørsmål som omtalar homofili. Dette er eit spørsmål dei har henta frå Landsforeningen for Lesbiske og Homofile – LLH – og omhandlar spørsmål homofile gjerne får i forbindelse med deiras legning. Dei har dog bytta ut homofil med heterofil og eit døme er «hvordan oppdaget du at du var heterofil?».<sup>158</sup>

28 av dei totalt 34 sidene i kapittelet *Sex – og det som skjer etterpå* i *Nova 9* handlar om seksuelle overgrep, puberteten, graviditet, kjønnsjukdommar og prevensjon. Dei resterande seks sidene omtalar i noko grad seksuell legning og forelskelse. På desse sidene omtalar Eirik Steineger og Andreas Wahl forelskelse og samleie på ein nøytral måte – ein får ikkje beskrive om det er heterofili eller homofili. Ein får dog definisjonar på kva det vil seie å vera heterofil, homofil og bifil. Det blir også presentert vanskeligheten som kan oppstå ved å vera annerledes andre, eit lite historisk blick på korleis det var å vera homofil på 1930- og 1940-talet og korleis utviklinga for homofiles rettigheter har vore sidan 1970-talet i Noreg.<sup>159</sup> Avsnittet om at mange gutar og jenter gjer sine første seksuelle erfaringar med ein frå same kjønn står, i likhet med i mange av dei andre bøkene innlemma i denne oppgåva, også her.

### 3.6 Sentrale punkt i lærebøkene gjeldande frå LK20

Det er innlemma to bøker gjeldande frå LK20 i denne oppgåva. Det er *Naturfag 9* (2020) frå Cappelen Damm og *Element 9* (2021) frå Gyldendal. *Naturfag 9* er i store trekk ganske lik *Nova 9*, omtalt i forrige avsnitt. Dette kjem nok av at det er det same forlaget og dei same forfattarane – Eirik Steineger og Andreas Wahl – som står bak begge bøkene. Kapittelet *Sex – og det som kommer etterpå* er dog hakket lenger enn kapittelet om same tematikken i *Nova 9*. Totalt er det 50 sider i kapittelet, men berre tolv av desse handlar om forelskelse og seksuell legning. Resten handlar, som i *Nova 9* om overgrep, puberteten, kjønnsjukdommar, prevensjon og graviditet. Av desse tolv sidene er det fire av dei som kan knyttast opp mot seksuell legning. Det som står på desse sidene er dog svært likt som i *Nova 9*. Dei ulike seksuelle legningane blir definert, dei første seksuelle erfaringane med ein av same kjønn utan

---

<sup>157</sup> Hannisdal, Haugan & Munkvik 2007: 141.

<sup>158</sup> Hannisdal, Haugan & Munkvik 2007: 144.

<sup>159</sup> Steineger, E. & Wahl, A. (2014). *Nova 9*. Cappelen Damm: 204.

at du treng å vera homofil blir presentert og forelskelsens forvirrande og sterke følelsar blir omtalt. Utanom dette blir det også presentert ei kvart side om det at transseksuelle finnes.<sup>160</sup>

*Element 9* frå Gyldendal, med forfattarane Marthe Arntzen, Kjersti S. Bækkedal, Knut Olav Fossetøl og Karoline Fægri har eit kapittel kalla *Seksualitet – identitet, kropp og følelser* som går over 42 sider. Homofili blir omtalt to stadar i løpet av desse sidene. Ellers går tematikkane på forelskelse, sex, ungdomstida og utviklingstrekk ved kroppen i denne perioden, grensesetting og overgrep og prevensjon, graviditet og fødsel. Forelskelse- og sextematikken omtales på ein generell måte, og verken mann-kvinne- eller mann-mann/kvinne-kvinneforhold blir eksplisitt nevnt. Det blir dog nevnt «at penis blir stiv, og at skjeden blir fuktig, er viktige forutsetningar for å kunne ha samleie».<sup>161</sup> Dei to stadane homofili blir omtalt er først over ein setning kor homofili blir definert i lag med heterofili og bifili, deretter over to sider kor homofili i dyreverden blir omtalt. Dette blir gjort i eit forsøk på å framstille homofili som noko «heilt naturleg, også i dyreriket».<sup>162</sup>

---

<sup>160</sup> Steineger, E. & Wahl, A. (2020). *Naturfag 9*. Cappelen Damm: 120.

<sup>161</sup> Arntzen, M., Bækkedal, K.S., Fossetøl, K.O. & Fægri, K. (2021). *Element 9*. Gyldendal: 216.

<sup>162</sup> Arntzen, Bækkedal, Fossetøl & Fægri 2021: 238.

## 4.0 Korleis har skeiv seksualitet blitt framstilt i naturfagslærebøker på ungdomsskolen sidan homofili vart lovleg i 1972?

For å svare på denne hovudproblemstillinga vil oppgåva sjå på tre ulike faktorar.

- A) kor mykje skeiv seksualitet blir omtalt i naturfagslærebøkene på ungdomsskolen,
- B) kva som blir vektlagt i omtalen av skeiv seksualitet,
- C) korleis blir seksualitet generelt omtalt i naturfagslærebøkene på ungdomsskolen.

A) Kor mykje blir skeiv seksualitet omtalt i naturfagslærebøkene på ungdomsskolen?

Bøker	Antall sider om anna tematikk enn seksuell legning i seksualitetskapittelet	Antall sider om skeiv seksualitet
<b>Bøker før M74</b>		
Helselære for ungdomsskolen	8	0
Fysiologi og helselære for ungdomsskolen	10	1/4
<b>Totalt</b>	<b>18</b>	<b>1/4</b>
<b>Bøker under M74</b>		
Kropp og Helse	9	0
Helse, samfunn, miljø	19	0 + 1 setning om at homofile menn ofte blir smitta av gonoré
Vi utforsker naturen - biologi for 7. årstrinn	10	0
Vi utforsker naturen - biologi for 8. årstrinn	6	0

Vi utforsker naturen - biologi for 9. årstrinn	7	1/2
Forsøk og fakta - biologi 7	9	0
Forsøk og fakta - biologi 9	20	0 + to setningar om aids og 1 i ordforklaringsdelen om kva homofili er
<b>Totalt</b>	<b>80</b>	<b>1/2 side + 3 setningar om kjønssjukdom og 1 setning i ordforklaringsdelen</b>
<b>Bøker under M87</b>		
Forsøk og fakta 7 - naturfag for ungdomstrinnet	11	0
Forsøk og fakta 9 - naturfag for ungdomstrinnet	25	2 setningar og 1 graf om aids og homofile
Mangfold og samspill - naturfag 7-9	17	0
Livsstil og helse - naturfag 7-9	8 sider om aids	1/2 side med statistikk om kven som har/blir smitta av aids
Arv og utvikling - naturfag 7-9	19	1 + 1 setning i ordforklaringsdelen
Naturfag 7	16	0
Naturfag 8	8	0
<b>Totalt</b>	<b>104</b>	<b>1 side + 3 setningar + 1/2 side og 1 graf om aids</b>
<b>Bøker under L97</b>		
Natur- og miljøfag 8. klasse	10	1 setning
Helix 10	23	2 + 3 setningar i ordforklaringsdelen
Tellus 10	32	2,5
Forsøk og fakta 10	35	1/2
<b>Totalt</b>	<b>100</b>	<b>5 sider + 4 setningar</b>
<b>Bøker under LK06</b>		
Trigger 8	28	1/2

Natur og univers 2	31	3
Trigger 10	28	3
Tellus 10	26	2,5
Eureka 9	16	1/2
Nova 9	32	1 1/2
<b>Totalt</b>	<b>161</b>	<b>11</b>
<b>Bøker under LK20</b>		
Naturfag 9	46	4
Element 9	42	1 + 2 sider om homofili i dyreriket
<b>Totalt</b>	<b>88</b>	<b>5 sider + 2 sider om homofili i dyreriket</b>

*Tabell 2: Oversikt over antall sider skeiv seksualitet i kvar naturfagslærebok. Det er også ei kolonne med oversikt over totalt antall sider, minus sidene som omtalar skeiv seksualitet, i kapittelet som omtalar seksualitet.*

Ut i frå tabellen ser ein at det er ei gradvis, om enn svært svak, stigning i omtalen frå før M74 til og med M87. Det skal dog påpeikes at mengden bøker som er innlemma i M74 og M87 er vesentlig fleire enn før M74. Dette får naturleg nok konsekvensar for antall sider innlemma. I M74 blir homofili nevnt i same setning som ekshibisjonisme og andre seksuelle ytringar medan det i M87 ikkje blir nevnt i det heile. Den magre omtalen av skeiv seksualitet i læreplanen har truleg sett sitt preg på manglande omtale i lærebøkene.

Mengda sider om seksuell legning aukar frå og med L97, og hoppet er ganske betydeleg, sjølv om det berre er snakk om totalt fem sider og fire setningar fordelt på fire bøker. Antallet bøker inkludert frå L97 er tre færre enn i M87, og antall sider totalt i seksualitetskapitla er omtrent det same. Alle bøkene innlemma i M87 er utgven i tidsrommet 1987 til 1992, med andre ord like før partnerskapslova vart innført i 1993. Partnerskapslova ga som kjent homofile par rett til å registrere partnerskap, men ikkje til å adoptere. Utover på 1990-talet auka andelen av befolkninga som meinte at homofile skulle ha rett til å adoptera barn til 25 prosent i 1998 – ei auke på 15 prosent frå 1992. 1990-talet var altså prega av auka aksept i samfunnet og regelendringar som betra forholda til homofile. Dette speglast også i læreplanen



L97 som er den første til å omtala homofili i eit kompetansemål. Desse faktorane bidrog truleg alle til den markante auken i omtale av skeiv seksualitet frå M87 til L97.

Vidare ser ein at antall sider om skeiv seksualitet meir enn doblar seg frå L97 til LK06. Riktignok er det fleire bøker inkludert i LK06 og dermed også fleire antall sider, men trenden er likevel prosentvis stigande. Det er dog nokre bøker med svært snever omtale, som *Trigger 8* og *Eureka 9*. Også denne perioden er prega av auka rettigheter til homofile – nemlig muligheten for stebarnsadoptsjon som kom i 2002, og sjølv om dette ikkje nevnes i nokon av bøkene kan det ha hatt innverknad på mengda omtale av skeiv seksualitet.

Antallet sider i seksualitetskapitla i naturfagsbøkene under LK20 er betraktelig fleire enn under tidlegare læreplanar. Likevel ser ein at mengda sider om skeiv seksualitet er ganske likt som bøkene under L97. Prosentvis er det også ganske likt med bøkene frå LK06. Omtalen av skeiv seksualitet i naturfagslærebøkene har altså ikkje auka nevneverdig sidetalsmessig sidan L97, til tross for at haldningar og rettigheter har auka betraktelig i perioden, til dømes gjennom giftemålsmuligheten i 2009. Spørsmålet som skal drøftes i neste underspørsmål er om innhaldet har endra seg.

Den generelle trenden er at omtalen av seksuelle legningar, og då primært skeiv seksualitet, har auka sidan tidleg 1970-tal, særleg i forbindelse med L97. Det er også tydeleg at antallet sider i kapitla som tar for seg seksualitet i naturfagsbøkene har auka. I LK20-bøkene er kapitla på over 40 sider kontra eit snitt på rundt elleve i M74. Nokre av desse sidene er nytta til omtale av skeiv seksualitet, men det er også mange andre tematikkar som har fått større fokus som til dømes kjønnsmodning og aspekt ved graviditet.

## B) Kva blir vektlagt i omtalen av skeiv seksualitet?

Allereie før homofili vart lovleg i 1972 vart det omtalt i ei av naturfagslærebookene – *Fysiologi og helselære for ungdomsskolen* frå 1970. Her omtales det som «ikke uvanlig» at to frå same kjønn føler seg tiltrukket av kvarandre, og at det hender at denne tiltrekninga blir varig og ikkje forsvinn når gutane eller jentene bli voksne. Her impliserer dei i teksten at homofili berre kan vera ei fase enkelte går gjennom og som dei kan voksa frå seg. I bøkene frå M74 er ikkje omtalen av homofili like «midlertidig», og ein finn ikkje formuleringar som går på at det kan voksast frå seg. I den boka som omtalar homofili mest – *Vi utforsker naturen – biologi for 9. årstrinn* – er det fokus på både å definere ulike seksuelle legningar, samt få fram den sosiale sida ved seksualitet. Boka definerer både heterofili, bifili og homofili, noko som kan tolkast i positiv forstand i forhold til alternativet som ville vore å definere kun dei skeive seksualitetane. Dette kunne skapt eit «vi» og «de»-bilete kor dei antatt heterofile forfattarane hadde sett det nødvendig å definere kven «dei andre» er. Dette blir likevel gjort i noko grad i måten dei omtalar dei sosiale sidene av seksualitet. Forfattarane ser det som nødvendig å skrive at nærhet og omsorg for kvarandre er like vanleg blant homofile som heterofile, og skapar eit inntrykk av at dette ikkje skulle vera ein sjølvfølge. Undersøkelsane kring folks haldningar til «homoseksuelle forhold» frå 1967 og 1983 viser at mange meinte at homofile skulle opptre som om vedkommande ikkje var homofil, eller «bekjempe sine tilbøyeligheter» som det står i undersøkelsane – 70-80 prosent i 1967 og 33 prosent i 1983.<sup>163</sup> Setninga om at det også blant homofile er vanleg med nærhet og omsorg for kvarandre kan med andre ord tenkes å spela på at det blant befolkninga var mange som ikkje var bevisst, eller ikkje ynskja, at så var tilfelle.

I bøkene frå før M74 og under M74 blir altså det at homofile også har behov for nærhet og omsorg, beskrivelse av dei ulike legningane og det at ein kan «vokse» av seg homofili vektlagt. Utanom dette blir homofili omtalt i forbindelse med kjønnssjukdommar som gonoreé og aids. Åse Røthing si forskning på heteroprivilegier i klasserommet viser at kjønnssjukdommar og homofili blir omtalt kvar for seg både i undervisning og i lærebøker, og då gjerne i ein setting kor kjønnssjukdommar blir sett på i eit heterofilt lys. I bøkene *Helse, samfunn og miljø* og *Forsøk og fakta – biologi 9* frå M74 blir kjønnssjukdommar omtalt i same setting som homofili, og det blir lansert ei løysing for å unngå dei i form av kondombruk. Kjønnssjukdommar og homofili blir med andre ord omtalt i same bolc.

---

<sup>163</sup> Havelin 1968: 66 & Hegna, Kristiansen & Moseng 1999: 34.

I bøkene frå M87 blir homofili og kjønnsjukdommar nok ein gong sett saman, men denne gongen på ein meir avskrekkande måte. *Livsstil og helse 7-9* har inkludert eit heilt kapittel om hiv og aids, medan *Forsøk og fakta – biologi 9* har sett av fire sider i seksualitetskapittelet til sjukdommen. Aids vart for første gong registrert i 1981 og kom til Noreg få år etter. Dette var ein periode prega av svært mykje usikkerhet kring sjukdommen og helsepersonell hadde lite kunnskap om denne nye, dødelige sjukdommen. Dei to nevnte naturfagslærebøkene kom ut i henholdsvis 1990 og 1989 og det er i så måte naturleg at dei vektla omtale av hiv og aids då dette var ein svært dagsaktuell tematikk. Begge bøkene vektlegg også at det er sprøytemisbrukarar og homoseksuelle som er mest utsatt for smitte – noko dei påpeiker to gongar kvar, i tillegg til kvar sin graf over antall smitta. Biseksuelle og folk med mange seksualpartnarar bli også nevnt som utsatte, men i kvar si bok. *Livsstil og helse 7-9* presenterer to grafar – ein over totalt antall smitta med hiv-infeksjon og ein over antall smitta i 1990. Det er spesielt at *Livsstil og helse 7-9* plasserer homofile og sprøytemisbrukarar i same setning i forbindelse med kor utsette dei er for smitte. Dette er spesielt fordi dei to grafane viser tydeleg at andelen smitta gjennom «heteroseksuell praksis» i 1990 er betydeleg høgare enn i totalen. Med andre ord var heteroseksuell praksis ein svært voksande risikofaktor. Dette blir for så vidt også kommentert i teksten, men det er plassert etter at homofili er nevnt som den største risikofaktoren to gongar. I desse bøkene blir ikkje homofili omtalt på anna måte enn som risikofaktor for aids, og det blir i så måte assosiert med noko negativt.

I den einaste boka frå M87 som omtalar skeiv seksualitet på anna måte enn gjennom risiko for hiv og aids, blir homofilihistorie og samfunnsaktuelle aspekt vektlagt. Det er som kjent ingen omtale av homofili eller seksuelle legningar i M87, og dette bære truleg *Arv og utvikling 7-9* preg av. Den eine sida om å vera «Glad i en av samme kjønn» er svært flyktig og beveger seg innom mange ulike aspekt ved homofili – alt frå korleis det var i det gamle Hellas, via at mange trur at homofile er kriminelle til at ein ikkje veit kvifor nokon blir homofile eller heterofile. Forfattarane får ingen hjelp frå læreplanen og det kan vera grunnen til at avsnittet oppleves å mangla heilhet og naturfaglige aspekt på homofili. Mykje av innhaldet i dette avsnittet er naturleg å tenka seg at høyrer meir heime i samfunnsfaget. Det skal seiast at også her blir det forklart at homofile forhold også omfattar nærhet og ømhet slik som i eit forhold mellom mann og kvinne. Det var berre rundt 21 prosent av dei spurte i ei undersøking som meinte at homofili burde anerkjennes som ein likeverdig livsform i 1988 og haldninga i befolkninga kan tenkes å ha hatt påverknad på forfataranes behov for å påpeike at homofile

forhold har dei same behova som heterofile forhold, slik som i M74-læreboka *Vi utforsker naturen – biologi for 9. årstrinn*. Dette budskapet om at homofile forhold har dei same behova som heterofile forhold vart allereie fremja av Kim Friele i det tidlegare nevnte radioprogrammet om homofili ho var med i, i 1965. Behovet for å innlemme dette i lærebøker over 20 år etter intervjuet indikerer også at kampen for aksept og likeverd tok tid, og at haldningane i samfunnet endra seg sakte.

I naturfagslærebøkene frå L97, den første læreplanen som omtalar ulike seksuelle legningar, er det fleire ting som blir vektlagt og som går igjen i fleire av bøkene. Som nevnt i delkapittel A i diskusjonsdelen auka omtalen av seksualitet og skeiv seksualitet drastisk frå M87 til L97. Det blir drøfta og stilt spørsmål ved kvifor folk blir homofile, at seksuelle erfaringar med likt kjønn ikkje nødvendigvis gjer deg homofil og at slik aktivitet er vanleg å gå bort frå når ein blir voksen, og at det kan vera vanskelig for homofile å stå fram med legninga si, men at dei siste åras fokus på homofili også har gjort det enklare å gjera det. Fleire av desse tematikkane kjenner ein igjen frå lærebøkene frå tidlegare læreplanar. Tanken om at ein kan «vokse» av seg homofilien finn ein også i lærebøkene frå før homofili vart lovleg. Drøfting rundt kvifor folk blir homofile finn ein i *Arv og utvikling 7-9* frå M87. I *Tellus 10* frå 1999 er det eit avsnitt om kvifor nokon blir homofile. Her blir det lagt fram om det er arv eller miljø som er årsaka, før det til slutt blir konkludert med at det er vanskelig å sei og at det egentlig ikkje er så viktig å vite. «De homofile» skal sjølvsagt behandlas med same respekt og på same måte som heterofile, skriv dei. Programomtalen for radioprogrammet Kim Friele var med i i 1965 fremjer også at det er usikkert kvifor folk blir homofile, og omtalen i L97-bøkene om dette indikerer at eit av fokusområda i samfunnets haldning til homofili gjennom historia har vore kvifor folk blir homofile. Som Åse Røthing i fleire av sine artiklar skriv blir det både i lærebøker frå LK06 og i klasserommet generelt snakka om «de homofile» som dei andre. Det ser også ut til å vera tilfelle med denne boka frå L97.

I M87-bøkene vart homoseksualitet eksplisitt nevnt som ein risikofaktor for aids, og det vart presentert ein graf som støtta opp om påstanden. I *Forsøk og fakta 10* er det presentert ein graf over aids-smitta kor heteroseksuell praksis er høgast risikofaktor. Dette blir dog ikkje nevnt som ein stor risikofaktor på same måte som homofil praksis vart nevnt som ein stor risikofaktor i M87-bøkene. Dette kan ha samanheng med at ein visste meir om sjukdommen i 1997 kontra 1987, men det er slåande at det i større grad blåses opp når homofil praksis var på statistikktoppen.

Fleire av bøkene analysert frå L97 har vektlagt dette med kor vanskelig det har vore, og er, å vera åpen om si homofile legning. Det blir dog også påpeikt at forholda har betra seg dei seinare åra og det blir i den samanheng referert til partnerskapslova innført i 1993 som ein viktig milepæl. Statistikk viser også at haldninga blant Noregs befolkning til homofiles rettighetar betra seg gjennom 1990-talet, så her reflekterer lærebøkene utviklinga i samfunnet.

Denne tematikken blir også påpeikt i LK06-bøkene. «Normalisering» av homofili er sentralt i desse bøkene. *Trigger 8* si formulering om at homofile menneske er «heilt vanlige menneske» som forelskar seg i same kjønn kan dog sjåast på som nok ei formulering som fremjar det Åse Røthing omtalar som heteroprivilegier og annerledelsesgjerjing av homofile.

Det andre som blir vektlagt i LK06-bøkene er også i stor grad det same som blir vektlagt i L97-bøkene. Til dømes blir det nevnt at gutar og jenter i somme tilfeller har sine første seksuelle opplevsar med same kjønn, men at dette ikkje betyr at dei er homofile. Dette er, i tillegg til å vera vektlagt i L97-bøkene, også ei formulering som liknar på det ein finn i *Fysiologi og helse i ungdomsskolen* frå før M74. Forfattarane verkar gjennom denne strofa til å forsøke å betrygge elevar om at ingenting er «galt» sjølv om ein eksperimenterer med same kjønn. Ei anna formulering som formidlar at homofili er utanfor normalen finn ein i *Trigger 10* kor det i omtalen av dei ulike seksuelle legningane står at nokon «innser at de er homofile og forelsker seg i personer av sitt eget kjønn». Bruken av ordet «innser» i denne samanhengen gir eit inntrykk av at ein forventer heterofili, men berre må akseptere at ein er homofil.

Vidare blir den historiske utviklinga til homofiles rettighetar lagt mykje vekt på i fleire av bøkene. Som i *Livsstil og helse 7-9* frå M87 er den typen informasjon som kjem frå LK06-bøkene om den historiske utviklinga meir naturleg å tillegge samfunnsfaget – eventuelt religionsfaget. *Natur og univers 2* har blant anna ei heil side om homofili i eit historisk perspektiv skriven av religionshistorikar Dag Øistein Endsjø som i stor grad har fokus på kor negativt forholda har vore for homofile gjennom historia. Dette er truleg ikkje noko som bidrar til å få homofile til å føle seg meir velkommen eller ynskja i legninga si.

Av bøkene innlemma frå LK20 er *Naturfag 9* og *Element 9*. *Naturfag 9* er av dei same forfattarane som sto bak *Nova 9* frå LK06 og innhaldet er i så måte lite endra. Det er med andre ord ingenting nytt som blir vektlagt i stor grad i denne boka kontra det som var av funn frå LK06-bøkene. Det som dog er nokså oppsiktsvekkande er omtalen *Element 9* har om homofili. Dei vektlegg beskrivelse av ulike seksuelle legningar, slik som bøkene frå før M74 og under M74 gjorde, og som mange bøker gjennom periodane har gjort, samt prøver å naturleggjera homofili ved å skrive to sider om homofili i dyreverden. Linjene frå dette forsøket på å fremja at homofili er naturleg i dyreverden tilbake til at homofili vart sidestilt med sex med dyr før fjerninga av §213 kan vera tilfeldig, men det kan også vera ein indikasjon på at samfunnet framleis er sterkt prega av ein primitiv tankegang rundt skeiv seksualitet.

## C) Korleis blir seksualitet generelt omtalt i naturfagslærebøkene på ungdomsskulen?

I denne diskusjonsdelen tar oppgåva for seg om bøkene omtalar sex, samleie, forhold, forelskelse og kjærleik på ein heteronormativ måte. Blir det framstilt som at desse tinga «berre» kan skje heterofilt?

Som både Åse Røthing og Judith Butler viser gjennom sine teoriar er det forventa at mann og kvinne skal bli forelska og innleie heterofilt samliv. Andre alternativ, som til dømes mann/mann og kvinne/kvinne, vil skape forvirring blant folk og bli sett på som noko uventa og annerledes. Omtale av seksualitet i dei tidlege naturfagsbøkene, før M74 og M74, i denne oppgåva har stort fokus på forplantning, kjønnsmodning og graviditet. Ein naturleg konsekvens av at dei har mykje fokus på dette er at mann/kvinne-relasjonen blir omtalt i stor grad. I områda kor seksualitet eller forelskelse blir omtalt står det eksplisitt at det gjeld mann og kvinne. Det står blant anna at «samleie er den mest intime og personlege måten ein mann og ei kvinne kan vere saman på», at gutar og jenter kan ha problem med sitt forhold til det motsatte kjønn og at dårleg reinslighet hos mannen kan føre til underlivssjukdommar hos kvinna. Alle desse tematikkane kan vera like gjeldande i eit homofilt samliv som i det heterofile samlivet bøkene omtalar, men det er noko ein får inntrykk av at berre gjeld dei heterofile. Bøkene frå denne perioden er med andre ord sterkt heteronormative og det er lite endring å spore på det området frå då §213 var aktiv og i perioden rett etter den vart avvikla. Biletebruken i bøkene i denne perioden er også prega av heteronormativitet då det er utelukkande mann og kvinne som er avbilda i lag i romantiske situasjonar, eller på sidene kor seksualitet blir omtalt.

Dette gjer seg også gjeldande i M87-bøkene kor det dei plassane det ikkje eksplisitt står om mann/kvinne-seksualitet er plassert bilete av mann og kvinne i romantiske situasjonar. Sjølv om tonen i teksten ikkje indikerer at heterofili er forventa bidrar bileta til å gjera det. Heteronormative formuleringar er generelt ein gjengangar også i M87-bøkene, og det er mykje av det same som går igjen frå M74-bøkene. For nokre av bøkene har dette truleg samband med at det er dei same forfattarane – *Forsøk og fakta*-serien – som har skriva M74-bøkene og M87-bøkene. Felles for alle bøkene er at dei ikkje har fått noko direktiver frå læreplanen om å adressere ulike seksuelle legningar. Som vist i dei to foregåande delkapitla omtalar dog bøkene homofili i noko større grad enn i M74. Ein kan også sjå enkelte

formuleringar som ikkje berre inkluderer mann/kvinne-relasjon i M87-bøkene. Til dømes var det gjennomgåande å omtala samleiet som den mest intime og personlege måten ein mann og ei kvinne kan vere saman på i M74-bøkene, medan det i *Arv og utvikling 7-9* frå M87 blir omtalt som noko som knytter to personar som er glad i kvarandre tettare saman. Språket er altså enkelte stader meir nøytralt i omtalen av samleie. Likevel skal det seiast at dette er unntaket i M87-bøkene, og at det i det påfølgande delkapittelet i *Arv og utvikling 7-9* står at «Guttene gjerne vil stå fram som verdensmestere med mange «nedlagte» jenter» etterfulgt av ei lengre drøfting rundt seksualitet og status blant, og mellom, jenter og gutar.

L97 er den første læreplanen som spesifikt nevner at elevane skal innom begrepa heterofili og homofili. Dette såg ein gjorde utslag i dei to foregåande delkapitla kor andelen omtale auka betraktelig. Innhaldet er dog framleis sterkt prega av det heterofile privilegiet – seksualitet blir omtalt på ein heteronormativ måte. Forutanom omtalen av sex som noko som kan føre til graviditet og kjønnsmodninga, som foregår over mange sider i alle bøkene, er det særleg to eksempel på at heteronormativitet preger desse bøkene også. I underkapittelet om forelskelse og kjærleik i *Helix 10* står det at «forholdet mellom ei jente og ein gut kan vere både fint og vanskeleg» etterfulgt av ei forklaring på kva kjærleik er, henta frå Bibelen; «Kjærighet.. et ord med variert innhold som oftest brukes om sanselige forhold mellom mann og kvinne».<sup>164</sup> Ikkje berre blir mann og kvinne nevnt i forbindelse med kjærleik, men boka nyttar her Bibelen til å definere kva kjærleik er – ei bok som ikkje har nevneverdig godt rykte på seg for å omtale homofili med positivt forteikn. Det andre eksempelet som tydeleg viser at det vanlegaste og forventa forholdet mellom to personar er heterofili er henta frå *Forsøk og fakta 10* kor kapittelet *Kjærleik og seksualitet* startar med fire historiar om nettopp kjærleik. Dei fire historiane inneheld alle ein situasjon mellom ein gut og ei jente. Historiane kunne vore identiske uansett kjønnsamansetning. Dette saman med at læreplanen fremjer omtale av homofili gjer at det skin gjennom at forfattarane er prega av eit heteronormativt syn på seksualitet. Dette gjenspeiles også i bokas omtale av homofili som berre er ei halv side om vanskelighetane ved å vera homofil i samfunnet. Jevnt over i dei utvalgte bøkene er det altså sterkt preg av heterofil omtale når dei skriv om seksualitet, og deretter sett av eit delkapittel eller eit avsnitt til omtale av homofile forhold. Ein får inntrykk av at homofili er noko annerledes og noko som ikkje passar inn i omtalen av generell seksualitet når det blir omtalt i

---

<sup>164</sup> Isnes, Kristensen, Tysdahl & Østtveit 1999: 165.



ein eigen bolk av boka. Dette er også noko Thea Frøyen Sander og Åse Røthing har konkludert med i deiras gjennomgang av religions- og naturfagsbøker.

Bøkene henta frå LK06 er også i stor grad delt inn på denne måten. Dei fleste bøkene har plassert omtale av homofili i eit eige avsnitt eller eige kapittel, med nokre unntak. *Natur og univers 2* skriv om homofili i delkapittelet *Sex, kropp og helse* som omhandlar generelle aspekt ved seksualitet. På dei påfølgande sidene står det meir om kjærleik, forelskelse og seksualitet i generelle formar, med nokre unntak. Det er desse unntaka som drar lesaren ut av det generelle blikket på seksualitet og over på at formuleringane er heteronormative. Dei skriv at det er mange som er homser, lesber og transer, og at ingen treng å vera ulykkelig eller skamme seg over sin eigen seksualitet. Som i Røthing si forskning på heteroprivilegier i klasserommet kor den eine eleven uttalte at ingen på gruppa hans hadde noko imot homofile, blir det også her påpeikt at ingen skal ha noko imot «dei homofile». Jevnt over er dog dei fleste bøkene nøytrale, i allefall meir nøytrale enn dei foregåande bøkene, i omtalen av seksualitet. Men som i L97-bøkene er mange av bileta av heterofile par, noko som kan indikere at forfattarane har sett for seg det heterofile samværet. Strofer om at sex kan føre til graviditet står ikkje berre i graviditetsdelane av bøkene, men også i avsnitt som hovudsakleg handlar om sex og ikkje graviditet, og er med på å forsterke inntrykket av at det er heterofili som er det vanlege.

LK20-bøkene nyttar stort sett eit nøytralt språk i omtalen av seksualitet. Begrepet partner blir i stor grad nytta under omtale av seksualitet. Utsagn som «at penis blir stiv, og at skjeden blir fuktig, er viktige forutsetningar for å kunne ha samleie..» indikerer likevel at heterofili er det forventa og normale.<sup>165</sup> Her kunne ei strofe om forutsetningar for samleie mellom to gutar eller to jenter enkelt vore tilføyd for å ikkje «favorisere» heterofilt samleie. Røthing har liknande funn i sin studie kor ho meiner at kondombruk også burde bli omtalt i forbindelse med homofil bruk og ikkje berre heterofil bruk.

---

<sup>165</sup> Arntzen, Bækkedal, Fossetøl & Fægri 2021: 216.

## 5.0 Konklusjon og vidare forskning

Rettighetane og dei positive haldningane til homofile er på sitt beste gjennom historia i 2022. Dette gjenspeiles til ein viss grad i naturfagslærebøkene også. Omtalen av skeiv seksualitet har auka betraktelig sidan §213 vart fjerna i 1972. Det som gjennom historia har blitt vektlagt i større grad er dog ikkje skeiv samleiepraksis, men heller skeiv historie, kor utfordrande det kan vera for homofile å vedkjenna si legning og stå fram som homofile, og at det er naturleg å utforske seksualiteten med same kjønn i ung alder, men at dette er vanleg å «vokse» frå seg. Det siste punktet var også noko som vart vektlagt i bøkene på 1970-talet, men som framleis blir sett på som sentralt i dagens lærebøker. Det var først ved innføringa av L97 at omtalen av skeiv seksualitet i naturfagslærebøkene tok skikkelig til. Dette til tross for at homofili hadde vore lovleg i 25 år og haldninga til homofili i befolkninga hadde betra seg jevnt gjennom dei to foregåande læreplanane.

I omtalen av seksualitet generelt har bøkene utvikla seg i ein meir inkluderande og nøytral tone, særleg etter LK06. Det er ikkje like mange og tydelege hint mot at det er heterofili lærebøkene omtalar når dei skriv om forelsking, kjærleik, samleie og følelsar. Likevel er det enkelte fraseringsar som indikerer at heterofili framleis blir rekna for å vera det normale og forventa. Lærebøkene i naturfag på ungdomsskulen har truleg ein veg å gå før homofili og heterofili blir framstilt som likeverdige og like naturlege.

Av eventuell vidare forskning kunne det vore interessant å sett på korleis skeiv seksualitet har blitt omtalt i lærebøker på barneskulen og i den vidaregåande skulen i eit historisk perspektiv. Som vist i oppgåvas historiografi er det indikasjonar mot at heteronormativitet er vanleg også i lærebøker frå barneskulen og vidaregåande, men det kunne vore interessant å sett om utviklinga historisk sett er lik som i naturfagsbøkene på ungdomsskulen. Vidare kunne det også vore interessant å sett på korleis omtale av skeiv seksualitet i fag som samfunnsfag og RLE på ungdomsskulen har utvikla seg gjennom historia. Dette er fag som tar for seg seksualitet på andre måtar enn naturfaget, og ei kartlegging av utviklinga i desse faga ville kunne supplementert resultatane i denne oppgåva.

## Litteraturliste

Andreassen, B-O. (2014). Introduction: Theoretical perspectives on textbooks/textbooks in religious studies research. I B-O. Andreassen & J. R. Lewis (Red.), *Textbook Gods – Genre, Text and Teaching Religious Studies* (1–14). Equinox Publishing Ltd.

Askeland, N. Maagerø, E., & Aamotsbakken (2013). *Læreboka. Studier i ulike læreboktekster*. Akademika Forlag.

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2015, 12. mars). *Skeiv teori*. Bufdir. [https://www.bufdir.no/lhbt/LHBT\\_ordlista/S/Skeiv\\_teori/](https://www.bufdir.no/lhbt/LHBT_ordlista/S/Skeiv_teori/).

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2021, 30. november). *Holdninger til lhbtqi-personer*. Bufdir. [https://www.bufdir.no/Statistikk\\_og\\_analyse/lhbtqi/Holdninger/](https://www.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/lhbtqi/Holdninger/).

Berge, B. (2021, 9. juni). *Paragraf 213 (seksuell omgang mellom menn som straffbart forhold)*. Store Norske Leksikon. [https://snl.no/Paragraf\\_213\\_-\\_seksuell\\_omgang\\_mellom\\_menn\\_som\\_straffbart\\_forhold](https://snl.no/Paragraf_213_-_seksuell_omgang_mellom_menn_som_straffbart_forhold).

Blikstad-Balas, M. (2014). Lærebokas hegemoni – et avsluttet kapittel? I Hvistendahl, R. & Roe, A. (Red.) *Alle tiders norskdidaktiker – festskrift til Frøydís Hertzberg på 70-årsdagen den 18. november 2014* (325-348). Novus Forlag.

Bull, K.S. & Asland, J. (2020, 17. desember). *Partnerskap*. Store Norske Leksikon. <https://snl.no/partnerskap>.

Butler, J. (1990). *Gender trouble – feminism and the subversion of identity*. Routledge.

Engelsen, B.U. (2020). Læreplanens generelle del – et historisk perspektiv. *Norsk pedagogisk tidsskrift* 104(2), 206-217. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-2987-2020-02-10>.

Gillow-Kloster, H. (2014, 23. september). *Det norske forbundet av 1948*. Skeivt arkiv. <https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/det-norske-forbundet-av-1948>.

Gillow-Kloster, H. (2015, 15. juni). *Radioprogrammet «Homofili og menneskeverd»*. Skeivt arkiv. <https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/radioprogrammet-homofili-og-menneskeverd>.

Hansen, T.I. (2020, 9. mai). *NKS. Store Norske Leksikon*. <https://snl.no/NKS>.

Hovdenak, S. S. (2004). Et kritisk blikk på Reform 97 og dens grunnlagstenkning. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 88(4), 316-330. <https://doi.org/10.18261/ISSN1504-2987-2004-04-06>.

Jordåen, R. & Berge, B. (2018, 13. november). *Ein kort innføring i norsk skeiv historie på 1900-talet*. Bufdir. [https://www.bufdir.no/lhbt/LHBT\\_og\\_levekar\\_Hva\\_sier\\_forskningen/Ein\\_kort\\_intro\\_til\\_norsk\\_skeiv\\_historie\\_pa\\_1900\\_talet/](https://www.bufdir.no/lhbt/LHBT_og_levekar_Hva_sier_forskningen/Ein_kort_intro_til_norsk_skeiv_historie_pa_1900_talet/).

Karseth, B. & Engelsen, B. U. (2007). Læreplan for Kunnskapsløftet – et endret kunnskapssyn? *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 91(5), 404-415. <https://doi.org/10.18261/ISSN1504-2987-2007-05-05>.

Lotsberg, K. (2010). *Hvordan det gikk til at Fabritius ble solgt*. <https://scheibler.no/wp-content/uploads/2018/07/Hvordan-det-gikk-til-at-Fabritius-ble-solgt.pdf>.

Pedersen, W. (2005). *Nye seksualiteter*. Universitetsforlaget.

Røthing, Å. (2009). «Vi har ikke noe i mot de homofile» - heteroprivilegier i undervisning om homoseksualitet i norsk skole. *Tidsskrift för genusvitenskap 1*, (89-103).

<https://ojs.ub.gu.se/index.php/tgv/article/view/2429/2179>.

Røthing, Å. (2017). Sexual orientation in Norwegian science textbooks: Heteronormativity and selective inclusion in textbooks and teaching. *Teaching and Teacher Education*, 67, 143-151. <https://doi.org/10.1016/j.tate.2017.06.005>.

Tjora, A. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Gyldendal Akademisk.

Tveter, L. (2019, 17. april). *Rett og seksuell orientering – et tilbakeblikk*. Lovdata.

[https://lovdata.no/artikkel/rett\\_og\\_seksuell\\_orientering\\_et\\_tilbakeblikk/2408](https://lovdata.no/artikkel/rett_og_seksuell_orientering_et_tilbakeblikk/2408).

Tønnesen, E. S. (2013). Læreboka som kunnskapsdesign. I Askeland, N., Maagerø, E. & Aamotsbakken, B. (Red.), *Læreboka – studier i ulike læreboktekster* (147-164). Akademika forlag.

## Publiserte kjelder

Andresen, R. & Drivflaadt, E. (2021). «*Et bilde sier mer enn tusen ord?*» *En visuell analyse av illustrasjoner av familier og kjærestepar i et utvalg lærebøker på ungdomstrinnet.*

[Masteroppgave]. Universitetet i Stavanger.

Demirel, Y.J. (2018). *Rette lærebøker? En undersøkelse av skeiv tematikk og LHBTQ-representasjon i norsklærebøkene for videregående skole* [Masteroppgave]. Universitetet i Bergen.

Det kongelige kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet. (1996). *Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen.* [https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2008080100096?page=1](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2008080100096?page=1).

Gjesdal, A. & Raggan, V.H. (2019). *Framstillingen av seksuelle orienteringer i lærebøker.* [Bacheloroppgave]. Høgskulen på Vestlandet.

Harbo, M.T. (2019). *Fremstilling av seksuell orientering i samfunnsfag – en lærebokanalyse.* [Bacheloroppgave]. Høgskulen på Vestlandet.

Hatlevik, O.E., Egeberg, G., Guðmundsdóttir, G.B., Loftsgarden, M. & Loi, M. (2013). *Monitor skole 2013 – Om digital kompetanse og erfaringer med bruk av IKT i skolen.* Senter for IKT i utdanningen.

Havelin, A. (1968). Almenhetens holdninger til homofile og homoseksualitet. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 9, 42–74.

Hegna, K., Kristiansen, H.W & Moseng, B.U. (1999). *Levekår og livskvalitet blant lesbiske kvinner og homofile menn* (NOVA Rapport 1/1999). Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.

Helsedirektoratet. (2021, 20. oktober). 4.6 *Seksuell helse*. Helsedirektoratet.

<https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/sektorrapport-om-folkehelse/sunne-valg/seksuell-helse>.

Karseth, B., Kvamme, O.A. & Ottesen, E. (2020). *Fagfornyelsens læreplanverk – politiske intensjoner, arbeidsprosesser og innhold* (EVA2020). Det Utdanningsvitenskapelige fakultet, Universitetet i Oslo.

<https://www.udir.no/contentassets/f9e24b76d66b4a23a2337644acf6d5a6/eva2020--delrapport-ap1.pdf>.

Kirke- og undervisningsdepartementet. (1974). *Mønsterplan for grunnskolen*.

[https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2008052804017](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2008052804017).

Kirke- og undervisningsdepartementet. (1987). *Mønsterplan for grunnskolen M87*.

[https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2007080200101](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2007080200101).

Meld. St. 28 (2015-2016). *Fag – fordypning – forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet*.

Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-28-20152016/id2483955/>.

Oxford research. (2008). *Lærebøker for alle? Undersøkelse av behov for særskilt tilrettelagte læremidler*. Utdanningsdirektoratet. [https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/rapporter/5/laremiddel\\_rapport.pdf](https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/rapporter/5/laremiddel_rapport.pdf).

Ryssevik, T. (2018). *Læreplanar – mellom teori, trendar og tradisjon*. Temanotat 3/2018. Utdanningsforbundet. [https://www.utdanningsforbundet.no/globalassets/var-politikk/publikasjoner/temanotat/2018/temanotat\\_2018.03.pdf](https://www.utdanningsforbundet.no/globalassets/var-politikk/publikasjoner/temanotat/2018/temanotat_2018.03.pdf).

Sander, T.F. (2018). *Seksualitet i lærebøker: En analyse av hvordan seksualitet blir fremstilt i Religion- og etikkbøker for videregående skole* [Masteroppgave]. Universitetet i Oslo.

Sex og samfunn. (2017). *Seksualitetsundervisning i skolen. En kartlegging blant elever i 10. klassetrinn og 1 VGS*. <https://sexogsamfunn.no/wp-content/uploads/2019/05/Rapport-180817.pdf>.

Sex og samfunn. (2022). *Seksualitetsundervisning i skolen. En kartlegging av elevers og læreres erfaringer og ønsker*. <https://sexogsamfunn.no/wp-content/uploads/2022/02/Rapport-seksualitetsundervisning-i-skolen.pdf>.

Utdanningsdirektoratet. (2006). *Læreplan i naturfag (NAT1-01)*. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2006. <https://www.udir.no/kl06/NAT1-01>.

Utdanningsdirektoratet. (2013). *Læreplan i naturfag (NAT1-03)*. Fastsatt som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2006. <https://www.udir.no/kl06/NAT1-03>.

Utdanningsdirektoratet. (2019). *Læreplan i naturfag (NAT01-04)*. Fastsatt som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. <https://www.udir.no/lk20/nat01-04?lang=nob>.

Waagene, E. & Gjerustad, C. (2015). *Valg og bruk av læremidler. Innledende analyser av en spørreundersøkelse til lærere*. Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning. [https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/forskningsrapporter/Valg\\_og\\_bruk\\_av\\_laeremidler](https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/forskningsrapporter/Valg_og_bruk_av_laeremidler).



## Kjeldemateriale (Lærebøker)

Arntzen, M., Bækkedal, K.S., Fossetøl, K.O. & Fægri, K. (2021). *Element 9*. Gyldendal.

Bjørgum, O. (1975). *Kropp og helse*. Aschehoug.

Brode, T. & Østmo-Sæter, S. (1980). *Vi utforsker naturen, biologi for 7. årstrinn*. J.W. Cappelen.

Brode, T. & Østmo-Sæter, S. (1981). *Vi utforsker naturen, biologi for 8. årstrinn*. J.W. Cappelen.

Brode, T. & Østmo-Sæter, S. (1982). *Vi utforsker naturen, biologi for 9. årstrinn*. J.W. Cappelen.

Ekeland, P.R., Johansen, O-I., Rygh, O. & Strand, S.B. (1999). *Tellus 10*. Aschehoug.

Ekeland, P.R., Johansen, O-I., Rygh, O., Strand, S.B. & Hesenet, A-B. (2008). *Tellus 10*. Aschehoug.

Finstad, H.S., Kolderup, J. & Jørgensen, E.C. (2006). *Trigger 8*. Aschehoug.

Fiskum, K. & Steineger, E. (2007). *Natur og univers 2*. J.W. Cappelen.

Finstad, H.S. & Kolderup, J. (2008). *Trigger 10*. Cappelen Damm.

Gjefsen, B., Myhr, S. & Mæhle, A. (1992). *Naturfag 7*. Gyldendal.

Gjefsen, B., Myhr, S. & Mæhle, A. (1992). *Naturfag 8*. Gyldendal.

Gjefsen, B., Myhr, S. & Mæhle, A. (1997). *Natur- og miljøfag, 8. klasse*. Gyldendal.

Gulbrandsen, J.E. & Tanggard, J. (1987). *Forsøk og fakta 7 – Naturfag for ungdomstrinnet*. NKS-forlaget.

Gulbrandsen, J.E. & Tanggard, J. (1989). *Forsøk og fakta 9 – Naturfag for ungdomssteget*. NKS-forlaget.

Gulbrandsen, J.E. & Tanggard, J. (1999). *Forsøk og fakta 10*. NKS-forlaget.

Hannisdal, M., Haugan, J. & Munkvik, M. (2007). *Eureka 9*. Gyldendal.

Isnes, A., Kristensen, T., Svelle, K. & Tysdahl, B. (1988). *Mangfold og samspill – Naturfag 7-9*. J.W. Cappelen.

Isnes, A., Kristensen, T., Svelle, K. & Tysdahl, B. (1990). *Livsstil og helse – Naturfag 7-9*. J.W. Cappelen.

Isnes, A., Kristensen, T., Svelle, K. & Tysdahl, B. (1991). *Arv og utvikling – Naturfag 7-9*. J.W. Cappelen.

Isnes, A., Kristensen, T., Svelle, K. & Tysdahl, B. (1999). *Helix 10*. J.W. Cappelen.

Johannessen, T. & Vellar, O. (1969). *Heselære for ungdomsskolen*. Fabritius Forlag.

Johannessen T. & Vellar, O. (1978). *Helse, Samfunn, Miljø – Heselære for ungdomstrinnet*. Fabritius Forlagshus.

Rossavik, E. & Rodahl, K. (1970). *Fysiologi og heselære for ungdomsskolen*. Gyldendal.

Steiniger, E. & Wahl, A. (2014). *Nova 9*. Cappelen Damm.

Steiniger, E. & Wahl, A. (2020). *Naturfag 9*. Cappelen Damm.

Tanggard, J. (1983). *Forsøk og fakta, biologi 7*. NKS-forlaget.

Tanggard, J. (1985). *Forsøk og fakta, biologi 9*. NKS-forlaget.

